

**Møteinnkalling**

Utval:	Stord kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Stord rådhus, Kommunestyresalen
Dato:	15.05.2024
Tid:	14:00

Utanom saksheftet vert desse dokumenta sendt som separate vedlegg, av omsyn til storleik på filer (MB):

- Signert rekneskap Stord hamn 2023
- Signert årsberetning Stord kommune 2023
- Signert årsrekneskap Stord kommune 2023
- ROV (Risiko og vesentlegvurderingar) Stord kommune 2024

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982, hogne.haktorson@vlfk.no . Det er planlagt at Hogne Haktorson og Stian Skår Ludvigsen møter frå sekretariatet på dette møtet.

Til varamedlemmer er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.

Dersom det vert aktuelt at varamedlemmer må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er kjent at Inga Margrethe Fagerbakke har forfall og at Vigdis Olsen møter i hennar plass.

Tarjei Aamot Haga
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Kommunedirektør

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 5/24 GK 6/24	Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå møte 15.04.2024	2023/470	
	Politiske saker		
PS 15/24	Årsrekneskap og årsberetning 2023 for Stord hamn - Uttale frå kontrollutvalet	2023/476	
PS 16/24	Årsrekneskap og årsberetning Stord kommune for 2023 - Uttale frå kontrollutvalet	2023/476	
PS 17/24	Vurdering av om Deloitte AS er uavhengig i høve Stord kommune	2024/52	
PS 18/24	Plan for forvaltningsrevisjon i Stord kommune for perioden 2024 - 2028	2023/391	
PS 19/24	Plan for eigarskapskontroll i Stord kommune for perioden 2024 - 2028	2023/475	
PS 20/24 PS 21/24	Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll Forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge, oppfølging	2023/391 2022/201	
PS 22/24	Kurs i regi av Deloitte hausthalvår 2024	2023/471	
PS 23/24	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune	2023/472	
PS 24/24	Eventuelt	2023/468	
	Referat saker		
RS 10/24	Saksprotokoll frå KST 25.04.24 - Kontrollutvalet - årsmelding 2023	2024/49	
RS 11/24	Statsforvaltaren i Vestland - budsjettbrev 2024 Stord kommune	2023/476	
RS 12/24	Nytt fra FKT april 2024	2022/33	
	Politiske saker		
PS 25/24	Ekstern revisor ny konkurranse - fullmakt til kontrollutvalet	2023/514	

GK 5/24 Godkjenning av innkalling og sakliste



Saksframlegg

Saksnr: 2023/470-12
Saksbehandlar:Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	6/24	15.05.2024

Godkjenning av møteprotokoll frå møte 15.04.2024

Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 15.04.2024 vert godkjent.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Møteprotokoll etter møte i Stord kontrollutval 15.04.24

**Møteprotokoll**

Utval:	Stord kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Stord rådhus, Kommunestyresalen
Dato:	15.04.2024
Tid:	14:00 - 16:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Tarjei Aamot Haga	Leiar	AP
Nils Magne Blålid	Nestleiar	SV
Inga Margrethe Fagerbakke	Medlem	AP
Fredrik Litleskare	Medlem	H
Randi Høgås Nesse	Medlem	UAVH

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Merknader

Utvalet var samla frå kl. 12.00. Del 1 med kurs om «kommunerekneskap inkludert investeringsrekneskap», v/ Deloitte. Del 2 med ordinær sakshandsaming. Varamedlemmar var spesielt invitert til å delta på kurset. Jim Ryen (AP), Vigdis Olsen (AP) og Grethe Mosheim (AP) deltok. Dessutan deltok ordførar Sigbjørn Framnes (FrP) og gruppeleiarane Inga Lothe (H) og Geir Angeltveit (V). Økonomisjef Marianne Heggholmen Aarbø var og med på kurset. Utvalsmedlem Fredrik U. Litleskare var med på møtet frå kl. 14.00.

Andre som møtte

Namn	Stilling
Else Holst-Larsen	Partner i Deloitte AS (Kurshaldar. Deltok berre på kurset)
Kjersti Gjuvsland	Forvaltningsrevisor i Deloitte AS
Martin Bergeton B. Nygaard	Forvaltningsrevisor i Deloitte AS
Tommy Johansen	Kommunedirektør (Sak PS 9/24 – 10/24)
Siren Eldøy Hinderaker	Personal- og organisasjonssjef (Sak PS 9/24 – 10/24)
Anne Karin Fossdal	Kommunalsjef (Sak PS 9/24)
Hogne Haktorson	Kontrollsjef, sekret. for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune

Tarjei Aamot Haga
utvalsleiar

Hogne Haktorson
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 3/24	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 4/24	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 07.03.2024	2023/470	
	Politiske saker		
PS 9/24	Forvaltningsrevisjon om effektivitet og kvalitet i tenester til personar med utviklingshemming - oppfølging	2022/154	
PS 10/24	Kommunedirektør orienterer om bruk av overtid i Stord kommune	2022/204	
PS 11/24	Eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning - rapport	2023/355	
PS 12/24	Møteplan for kontrollutvalet 2. halvår 2024	2023/474	
PS 13/24	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune	2023/472	
PS 14/24	Eventuelt	2023/468	
	Referat saker		
RS 6/24	Budsjett for Stord kontrollutval 2024	2023/486	
RS 7/24	Påminning! Invitasjon til FKTs fagkonferanse 4. – 5. juni 2024	2022/33	
RS 8/24	Retningslinjer for handtering av henvendingar til kontrollutvalet i Stord kommune	2023/469	
RS 9/24	FKT sin vegleiar om handtering av henvendingar til kontrollutvalet	2023/469	

GK 3/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 15.04.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

GK 4/24 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 07.03.2024

Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 07.03.2024 vert godkjent.

Saksprotokoll 15.04.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes godkjent.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 07.03.2024 vert godkjent.

PS 9/24 Forvaltningsrevisjon om effektivitet og kvalitet i tenester til personar med utviklingshemming - oppfølging

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar tilbakemeldinga frå kommunedirektøren, når det gjeld forvaltningsrevisjon om effektivitet og kvalitet i tenester til personar med utviklingshemming, herunder budsjettkonsekvensar og utvikling i sjukefråvær, gjennomtrekk i stillingar og kompetanse, til orientering.
2. Kontrollutvalet ser positivt på oppfølginga av forvaltningsrevisjonen, handlingsplanen og dei tiltak som er sett i verk, og ser ikkje behov for vidare oppfølging av handlingsplanen frå kontrollutvalet si side.

Saksprotokoll 15.04.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunalsjef Anne Karin Fossdal orienterte om oppfølging av forvaltningsrevisjonen. Kommunedirektør Tommy Johansen og personal- og organisasjonssjef Siren Eldøy Hinderaker var og tilstades. Det vart bl.a. orientert om:

- Kommunen er godt i gang med tiltak, og ser dels resultat av desse.
- Brukarmedverknad og medverknad frå tilsette er vektlagt.
- Funn etter revisjonen er gjenstand for kontinuerleg forbetningsarbeid i eininga
- Tiltakande vanskar med å rekruttera høgskuleutdanna personell. Over tid har ein likevel lukkast med det i eining for habilitering. Viktig å bruka rett kompetanse på rett stad.
- Alle tilsette - opplæring i PAS (positiv atferdsstøtte)
- Opplever relativt god grad av stabilitet i stillingane. Eininga har meir enn 170 årsverk og det er naturleg at det vert noko utskifting i stillingar gjennom eit år, til dømes helgestillingar.

Utvikling av sjukefråvær over tid var og drøfta med kontrollutvalet. Leiarar rapporterer pr. mnd.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar tilbakemeldinga frå kommunedirektøren, når det gjeld forvaltningsrevisjon om effektivitet og kvalitet i tenester til personar med utviklingshemming, herunder budsjettkonsekvensar og utvikling i sjukefråvær, gjennomtrekk i stillingar og kompetanse, til orientering.
2. Kontrollutvalet ser positivt på oppfølginga av forvaltningsrevisjonen, handlingsplanen og dei tiltak som er sett i verk, og ser ikkje behov for vidare oppfølging av handlingsplanen frå kontrollutvalet si side.

PS 10/24 Kommunedirektør orienterer om bruk av overtid i Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll 15.04.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Personal- og organisasjonssjef Siren Eldøy Hinderaker orienterte om bruk av overtid i Stord kommune. Kommunedirektør Tommy Johansen var og tilstades. Bestilling frå kontrollutvalet var status om bruk av overtid opp mot det ein kan ha ift. arbeidsmiljølova, no eit par år etter at utvalet hadde fokus på det same. Det vart bl.a. orientert om:

- Månadleg rapportering om overtid.

- Kommunen har fått digitale system som gjev betre oversikt enn tidlegare.
- Dei fleste vaktavtalar er reforhandla.
- Totalt om lag 45 000 overtidstimar i heile organisasjonen i 2023. Avdelingsvis informasjon vart gjeve, derav at overtidstimar i RHO (rehabilitering, helse og omsorg) utgjør 33.000 av desse timane.
- Nokre tilsette med over 200 t. overtid på eit år, medan det er ytterst få med over 300 t. overtid pr. år.
- Ny dialog med leiarar om overtid er ønskt av administrasjonen. Dei hadde og ønskje om å bli betre på kontakt opp mot dei tillitsvalde.

Kontrollutvalet reflekterte rundt dette, stilte spørsmål som vart svart greitt ut og takka for informasjonen.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

PS 11/24 Eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning - rapport

Forslag til innstilling

På bakgrunn av eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning i Stord kommune, ber kommunestyret kommunedirektøren om å:

1. Utarbeide ei samla, skriftleg oversikt med fordeling av roller og ansvar i arbeidet med eigarskapsforvaltninga.
2. Legge til rette for supplerande opplæring knytt til eigarskapsforvaltning til folkevalde seinare i valperioden, samt opplæring for styremedlemmar som er innstilt frå kommunen.
3. Forankre eigarskapsmelding og eigarstrategiar i selskapa kommunen har eigarskap i.
4. Vurdere å tydeleggjere, til dømes i eigarskapsmeldinga, kva kriterium som ligg til grunn for kva selskap det skal bli utarbeidd eigarstrategi for og eventuelt kva selskap kommunen ønskjer å følgje særskilt opp basert på ei risiko- og vesentlegvurdering.
5. Vurdere om det er behov for noko meir utfyllande eigarstrategiar for dei viktigaste selskapa.
6. Etablere rutinar for å føre referat frå eigarmøte, for å sikre sams oppfatning om det som er diskutert og informert om i møta.
7. Etablere retningslinjer for at valkomiteen si innstilling av styrekandidatar skal grunngjevast skriftleg i saksframlegget til kommunestyret.
8. Følgje opp kommunen sine egne føresegn og retningslinjer for arbeidet med eigarskapsforvaltning, under dette:
 - a)Sørgje for at rekneskap, årsmelding, strategidokument og liknande blir lagt fram for relevant politisk organ i forkant av møte i eigarorgan so langt det er mogleg og føremålstenleg.
 - b)Sørgje for at det ikkje er same styremedlemmar i morselskap og dotterselskap, ev. forklare kvifor dette prinsippet ikkje blir etterlevd.
 - c)Opprette valkomité i selskap kommunen eig saman med andre eigarar.
 - d)Følgje opp at styremedlemmar blir registrert i KS sitt styrevervregister.

9. Etablere rutinar for å følgje opp at kommunen sine krav og forventningar blir etterlevd av selskapa som kommunen har eigarskap i (til dømes gjennom eigarmøte, krav til rapportering, gjennomgang av sentral dokumentasjon).
10. Lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 02.09.24 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll 15.04.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forvaltningsrevisorane Martin Bergeton Brekke Nygaard gav innleiingsvis ei orientering om den gjennomførte eigarskapskontrollen. Forvaltningsrevisorane Kjersti Gjuvsland var og tilstades.

Utvalsmedlemmane drøfta saka i dialog med revisor. Etter framlegg frå nestleiar Nils Magne Blålid (SV), vart varamedlemmer teke inn i innstillinga pkt. 2 : ...opplæring for styremedlemmer og vara som er innstilt ...

Kontrollutvalet ønskjer at kontrollutvalsleiar Tarjei Aamot Haga får 15 minutt på å presentera eigarskapskontrollen for kommunestyret 30. mai d.å. Deloitte vil og vera til stades ved handsaming av saka, for å kunna svara på evt. spørsmål. Det er såleis ønskeleg at saka kjem opp tidleg i møtet.

Forslag til vedtak, inkl. Blålid sitt framlegg om å ta inn vara i pkt. 2, vart samrøystes vedteke.

Innstilling

På bakgrunn av eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning i Stord kommune, ber kommunestyret kommunedirektøren om å:

1. Utarbeide ei samla, skriftleg oversikt med fordeling av roller og ansvar i arbeidet med eigarskapsforvaltninga.
2. Legge til rette for supplerande opplæring knytt til eigarskapsforvaltning til folkevalde seinare i valperioden, samt opplæring for styremedlemmar som er innstilt frå kommunen.
3. Forankre eigarskapsmelding og eigarstrategiar i selskapa kommunen har eigarskap i.
4. Vurdere å tydeleggjere, til dømes i eigarskapsmeldinga, kva kriterium som ligg til grunn for kva selskap det skal bli utarbeidd eigarstrategi for og eventuelt kva selskap kommunen ønskjer å følgje særskilt opp basert på ei risiko- og vesentlegvurdering.
5. Vurdere om det er behov for noko meir utfyllande eigarstrategiar for dei viktigaste selskapa.
6. Etablere rutinar for å føre referat frå eigarmøte, for å sikre sams oppfatning om det som er diskutert og informert om i møta.
7. Etablere retningslinjer for at valkomiteen si innstilling av styrekandidatar skal grunngjevast skriftleg i saksframlegget til kommunestyret.
8. Følgje opp kommunen sine eigne føresegn og retningslinjer for arbeidet med eigarskapsforvaltning, under dette:
 - a) Sørge for at rekneskap, årsmelding, strategidokument og liknande blir lagt fram for relevant politisk organ i forkant av møte i eigarorgan so langt det er mogleg og føremålstenleg.
 - b) Sørge for at det ikkje er same styremedlemmar i morselskap og dotterselskap, ev. forklare kvifor dette prinsippet ikkje blir etterlevd.
 - c) Opprette valkomité i selskap kommunen eig saman med andre eigarar.
 - d) Følgje opp at styremedlemmar blir registrert i KS sitt styrevervregister.
9. Etablere rutinar for å følgje opp at kommunen sine krav og forventningar blir etterlevd av selskapa som kommunen har eigarskap i (til dømes gjennom eigarmøte, krav til rapportering, gjennomgang av sentral dokumentasjon).
10. Lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 02.09.24 som viser kva tiltak som skal

setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

PS 12/24 Møteplan for kontrollutvalet 2. halvår 2024

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet legg opp til desse faste møtene i 2. halvår 2024:

- 24.09.2024
- 04.12.2024

Saksprotokoll 15.04.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet legg opp til desse faste møtene i 2. halvår 2024:

- 24.09.2024
- 04.12.2024

PS 13/24 Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll 15.04.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kontrollutvalet gjekk gjennom møteprotokollar omtalt i saksframlegget og reflekterte rundt nokre av sakene.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

PS 14/24 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 15.04.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kontrollutvalet fekk orientering om at utvalsleiar og sekretariat var kopimottakar av brev til kommunen relatert til ei tidlegare henvending til utvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

RS 6/24 Budsjett for Stord kontrollutval 2024

Saksprotokoll 15.04.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet orienterte om budsjett for utvalet, herunder om overførte midlar frå 2023 til 2024, i all hovudsak relatert til revisjonar og planarbeid som strekker seg over årsskiftet.

Kontrollutvalet går ut frå at utvalet har eit rammebudsjett for kontrollarbeidet innafor totalt budsjetterte midlar.

Vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

RS 7/24 Påminning! Invitasjon til FKTs fagkonferanse 4. – 5. juni 2024

Saksprotokoll 15.04.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Avgjerd om deltaking på FKT sin fagkonferanse vart utsett frå førre møte, ettersom påmeldingsfristen først er ultimo april d.å.

Kontrollutvalet ser det som viktig med folkevaldopplæring og ønskte at Fredrik U. Litleskare deltar på FKT sin fagkonferanse med årsmøte, 4. - 5. juni 2024.

Vedtak

Kontrollutvalet vedtek at Fredrik U. Litleskare deltar på FKT sin fagkonferanse inkl. årsmøte, 4. - 5. juni 2024.

RS 8/24 Retningslinjer for handtering av henvendingar til kontrollutvalet i Stord kommune**Saksprotokoll 15.04.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet****Behandling i møte**

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 9/24 FKT sin vegleiar om handtering av henvendingar til kontrollutvalet**Saksprotokoll 15.04.2024 - Stord kommune, Kontrollutvalet****Behandling i møte**

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/476-8
Saksbehandlar:Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	15/24	15.05.2024

Årsrekneskap og årsberetning 2023 for Stord hamn - Uttale frå kontrollutvalet**Forslag til uttale**

1. Kontrollutvalet registrerer at Stord hamn i 2023 har driftsinntekter på kr. 17.865.000 og eit netto driftsresultat er på kr 2.512.000. Det gjev eit driftsresultat på 14,06 % (Sett opp mot sum driftsinntekter), dvs. godt over tilrådinga til TBU.
2. Kontrollutvalet støttar seg til Deloitte sin uttale om den økonomiske situasjonen for Stord hamn for året 2023, og har ikkje øvrige merknader til denne enn dei som er omtalt i saksframlegget.
3. Uttalen vert send kommunestyret via utval for byutvikling og/eller via formannskapet.

Samandrag

Føremålet med denne saka ar at kontrollutvalet skal gje sin uttale til årsrekneskapen for 2023 for Stord hamn. Uttalen skal følgje saka vidare til kommunestyret via utval for byutvikling og/eller via formannskapet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskreven underskrift

Vedlegg

- 1 Stord Hamn, revisjonsberetning 2023
- 2 Årsrekneskap 2023 (Sendt ut separat)

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Stord kommune skal i møte 15.05.2024 handsame utvalet sin uttale til Stord hamn sin årsrekneskap og årsberetning for 2023.

Det er ønskjeleg at representantar for administrasjonen og ansvarleg revisor er til stades i møte for å presentere årsrekneskapen og svare på spørsmål.

Det er kommunestyret sitt ansvar å forvalte kommunen sin økonomi, herunder vedta årsrekneskap og årsberetning, jf. kommunelova § 14-2. Det er vidare kommunestyret sitt ansvar å påsjå at økonomiforvaltninga skjer i tråd med lov, forskrift og eigne føresetnader. Kommunestyret sitt ansvar for forvaltninga av den økonomiske internkontrollen og økonomiforvaltninga er forsterka gjennom ny kommunelov, jf. m.a. kommunelova §§ 14-1 og 25-1 og 2.

Føremålet med uttalen er at kommunestyret skal få oppsummerande og samla informasjon om at det gjennom året er gjennomført uavhengig kontroll med at krava til årsrekneskap og årsberetning er ivareteke i tråd med lov, forskrift og eigne føresetnader. jf. kommunelova §§ 14- 6 b)

Det er så utval for byutvikling og/eller formannskapet som innstiller overfor kommunestyret, i saka om rekneskapen. Årsrekneskapen for Stord hamn er å betrakta som ein del av årsrekneskapen for Stord kommune. Rekneskapen for Stord hamn bør difor handsamast i kommunestyret før kommunerekneskapen blir handsama, men gjerne i same møte.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å gje uttale til kommunestyret om årsrekneskapen og årsberetninga, jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader

Grunnlaget for uttalen er dokument og handsamingar som ligg til grunn for utarbeiding av denne saka, slik som:

- Revisjonsmelding, dagsett 15.04.2024, vedlegg 1
- Årsrekneskap 2023, vedlegg 2
- Årsmelding 2023, sjå lenkja nedanfor

Revisjonsberetninga frå Deloitte:

Det kjem ikkje fram spesielle forhold som blir omtala i revisjonsmeldinga, og den vert å sjå på som "ei rein" revisjonsmelding. Her er teke med at rekneskapen viser eit netto driftsresultat på kr. 2.512.215.

Deloitte konkluderer m.a. slik om årsrekneskapen:

«Etter vår meining er Stord Hamn sin årsrekneskap gitt i samsvar med gjeldande lovkrav og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til eininga per 31. desember 2023, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.»

Vidare konkluderer Deloitte slik når det gjeld vesentlege budsjettavvik:

«Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.»

Vurdering av rekneskapen

Av rekneskapen for 2023 har sekretariatet merka seg sum driftsinntekter på kr. 17.865.000 og netto driftsresultat på kr. 2.512.205. Det gir et driftsresultat på 14,06 % (Satt opp mot sum driftsinntekter). Heile kommunesektoren hadde ifølge opplysninger fra SSB pr. 15.03.2024 til sammenligning netto resultatgrad på + 0,8 prosent i 2023. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) anbefaler at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 prosent for å ha en forsvarlig økonomisk drift.

For Stord hamn var netto resultatgrad i 2019 (- 53,60 %), 2020 (- 6,39 %), 2021 (- 1,53 %), 2022 (+ 16,56) og 2023 (+ 14,06 %). Sjølv om slik resultatgrad gjeld kommunen samla sett, skader det ikkje å skue til korleis situasjonen tilsvarande er for Stord hamn. Me ser av dette at Stord hamn også i 2023 ligg langt over resultatet i heile kommunesektoren og tilrådinga til TBU - monaleg betre enn i 2020 og 2021, men litt lågare enn i 2022.

Netto driftsresultat viser kva ein har att etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Driftsresultatet påverkar i stor grad handlefridom og evne til å tåle svingingar i økonomien.

Vurdering av årsberetninga:

I Stord kommune si årsberetning, som er den som Deloitte har revidert, er Stord hamn i liten grad omtala. I Framsikt går årsmeldinga til Stord hamn fram. Nokre innleiande avsnitt fortel ein del om verksemda og aktiviteten der:

«Stord hamn skal leggja til rette for og overvaka skipstrafikken i Stord kommune for fartøy som går i innanriksfart og i utanriksfart. Stord hamn har to godkjente utanrikshamner, kalla ISPS-hamner (International Ship and Port Security). Dette er Stord hamn, Eldøyane og Leirvik hamn ISPS-terminal. Det er også tre godkjende privateigde ISPS-terminalar i Stord. Vidare driftar Stord hamn Leirvik småbåthamn og Leirvik gjestehamn. Stord hamn er og ansvarleg for hamneberedskap i heile Stord kommune. Hamneberedskapen inkluderer og dei private ISPS-terminalane.

I 2023 flytta Stord hamn til nye lokale med adresse Eldøyane 187. Stord hamn har i dag tre tilsette i full stilling og leiger inn personell ved behov.»

«Stord hamn har døgnvakt i samband med hamnedrift og hamneberedskap. Beredskapsbåten «Blåtass» er i beredskapsteneste for hamnestellet og brannstellet. Båten vert nytta til hamnedrift, utrykking ved forureiningar,ulukker og elles ved førespurnad frå politi eller annan offentleg styresmakt. Hamnesjefen er styremedlem i Interkommunalt utval mot akutt forureining for Haugesund-regionen (IUA). Stord Kommune har og eigen beredskap, og har utstyr til å rykka ut i akutt-tilfelle. Oljevernberedskapen for sjø er det hamnestellet og brannstellet som står for. Ambulansébåten Rosedoktoren, som patruljerer i Sunnhordlandsbassenget har fast kai plass ved Skotabergkaien i Leirvik Hamn.»

«Stord hamn Eldøyane består av ein hamneterminal med tre kaianlegg som i hovudsak tek imot større fartøy, offshore-, laste- og stykkgodsfartøy. Bakarealet vert nytta til lasting og lossing samt lagring av varer og samanstilling av større prosjekt. Samla gjekk det 47 337 tonn gods over offentleg kai i 2023 mot 22 023 tonn gods i 2022. Det meste av gods sjøvegs går over terminalanlegget på Eldøyane. Stord Hamn disponerer eit samla område på omlag 50 mål som er leigd ut til NorSeaGroup Logistics AS (Stordbase).»

«Leirvik terminal har etablert eit landstraumanlegg der større fartøy til kai kan kopla seg på landstraum. Det er vidare med jamne mellomrom tilgang til straumskap til bruk for mindre fartøy rundt heile hamna. Ved å tilby landstraum vil Stord hamn legga til rette for mindre støy og redusert miljøutslepp frå motoriserte fartøy.»

Dette er på ingen måte uttømande for arbeidet. For meire informasjon vert det vist til Stord kommune si årsmelding og årsrekneskap 2023, som ligg på denne lenkja,

[Stord Hamn \(framsikt.net\)](https://framsikt.net)

Kommentarar til Framsikt:

Sekretariatet registrerer at både tal og tekst ikkje var ferdig lagt inn i Framsikt pr. 06.05.2024. Så lenge det vert gjort endringar i både tal og tekst her etter at Deloitte har levert si revisjonsmelding pr. 15.04.2024, kan det stillast spørsmål ved om tal og tekst som til slutt ligg i Framsikt er dei same som det Deloitte har revidert.

Kontrollutvalet har som oppgåve å gje uttale til Stord hamn sin årsrekneskap. Kontrollutvalet tar sjølv stilling til kva tilhøve som skal omtalast i uttalen. Det vil vera naturleg å ta med spesielle tilhøve som vert omtalt i revisjonsmeldinga og eventuelle revisjonsrapportar og nummererte brev. Uttalen skal sendast til kommunestyret, med kopi til utval for byutvikling og/eller formannskapet.

Det vert tilrådd at kontrollutvalet denne gongen innarbeider følgjande i uttalen sin:

- Netto driftsresultat på 14,06 %
- Talmateriale og uttale frå revisjonsmeldinga.

Konklusjon

Stord hamn har for 2023 driftsinntekter på kr. 17.865.000 og eit netto driftsresultat på kr. 2.512.205. Det gjev eit driftsresultat på 14,06 % (Sett opp mot sum driftsinntekter). Deloitte AS har levert ei såkalla «rein» revisjonsmelding.

Kontrollutvalet sin uttale og revisjonsmeldinga er to sjølvstendige dokument, som følgjer saka vidare via utval for byutvikling og/eller formannskapet til kommunestyret.

Til kommunestyret i Stord kommune

Utsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Stord Hamn som viser eit netto driftsresultat på kr 2 512 205.

Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2023, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, samt notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er Stord Hamn sin årsrekneskap gitt i samsvar med gjeldande lovkrav og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til eininga per 31. desember 2023, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen, slik det er krav om i lov og forskrift, og har etterlevd dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Årsmeldinga og anna ytterlegare informasjon

Rådmannen er ansvarleg for informasjonen i årsmeldinga [og den ytterlegare informasjonen som er publisert saman med årsrekneskapen. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese årsmeldinga. Føremålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen av årsrekneskapen, eller om informasjonen i årsmeldinga elles tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsmeldinga tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har ikkje noko å rapportere om det.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav og
- at opplysningane om Stord Hamn i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» og «Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik» under vår utsegn om andre lovmessige krav.

Rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen

Rådmannen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med kommunelovas regler og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Rådmannen er også ansvarleg for slik intern kontroll han finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande

sikkerheit er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser, kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar, basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift, god revisjonsskikk i Noreg og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkelege og formålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følge av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn risikoen for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vi vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av rådmannen, er rimelege.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.
- hentar vi inn tilstrekkeleg og formålstenleg revisjonsbevis om den finansielle informasjonen til rekneskapsføringane som inngår i konsolidert årsrekneskap, for å kunne gi uttrykk for ei meining om den konsoliderte årsrekneskapen. Vi er ansvarlege for å leie, følge opp og gjennomføre revisjonen av den konsoliderte årsrekneskapen. Vi åleine er ansvarlege for vår revisjonskonklusjon.

Vi kommuniserer med kontrollutvalet og rådmannen, mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, knytt til Stord Hamn si forklaring for vesentlege budsjettavvik, enten det skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå kommunestyret sine premissar for bruken av løyvingane.

Konklusjon

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

Haugesund, 15. april 2024
Deloitte AS



Else Holst-Larsen
statsautorisert revisor

DRIFTSREKNESKAP

§ 5-6. Økonomisk oversikt etter art – drift

Rekneskap

Tall i 1000 kroner

	Rekneskap 2023	Regulert budsjett 2023	Opphavelg budsjett 2023	Rekneskap 2022
Driftsinntekter				
Rammeilskot	-	-	-	-
Inntekts- og formuesskatt	-	-	-	-
Egedomskatt	-	-	-	-
Andre skatteinntekter	-	-	-	-
Andre overføringer og tilskot frå staten	-	-	-	-
Overføringer og tilskot frå andre	- 117	-	-	77
Brukarbetalingar	-	-	-	-
Sals- og leigeinntekter	- 17 748	- 14 564	- 14 564	17 085
Sum driftsinntekter	- 17 865	- 14 564	- 14 564	17 162
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	3 377	3 559	3 559	3 192
Sosiale utgifter	1 099	1 046	1 046	1 004
Kjøp av varer og tenester	5 928	4 572	4 572	6 589
Overføringer og tilskot til andre	19	-	-	15
Avskrivningar	3 551	-	-	3 122
Sum driftsutgifter	13 974	9 178	9 178	13 922
Brutto driftsresultat	- 3 891	- 5 386	- 5 386	3 240
Finansinntekter/Finansutgifter				
Renteinntekter	- 579	- 95	- 95	255
Utbytter	-	-	-	-
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidler	-	-	-	-
Renteutgifter	3 336	3 200	3 200	1 852
Avdrag på lån	2 173	2 180	1 778	1 923
Netto finansutgifter	4 930	5 285	4 883	3 520
Motpost avskrivningar	- 3 551	-	-	3 122
Netto driftsresultat	- 2 512	- 101	- 503	2 842
Disponering eller dekning av netto driftsresultat:				
Overføring til investering	700	700	-	-
Netto avsetningar til eller bruk av bundne driftsfond	-	-	-	-
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	1 812	503	503	2 842
Bruk av tidl.års reknesk.m.mindreforbruk	-	1 102	-	-
Rekneskapsmessig meirforbruk	-	-	-	-
Dekning av tidlegare års meirforbruk	-	-	-	-
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	2 512	101	503	2 842
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	-	0	0	-
Kontrollsum art 980 rekneskapsmessig meirforbruk	-	-	-	-

§ 5-4. Bevilgningsoversikter – drift

Regnskap

Tall i 1000 kroner

	Regnskap 2023	Regulert budsjett 2023	Opphavelg budsjett 2023	Regnskap 2022
Generelle driftsinntekter				
Rammefilskot	-	-	-	-
Inntekts- og formuesskatt	-	-	-	-
Eigedomskatt	-	-	-	-
Andre generelle driftsinntekter	-	-	-	-
Sum generelle driftsinntekter	-	-	-	-
Netto driftsutgifter				
Sum bevilgninger drift, netto	- 7 442 -	5 386 -	5 386 -	6 362
Avskrivningar	3 551	-	-	3 122
Sum netto driftsutgifter	- 3 890 -	5 386 -	5 386 -	3 240
Brutto driftsresultat	- 3 890 -	5 386 -	5 386 -	3 240
Finansinntekter/Finansutgifter				
Renteinntekter	- 579 -	95 -	95 -	255
Utbytter	-	-	-	-
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidler	-	-	-	-
Renteutgifter	3 336	3 200	3 200	1 852
Avdrag på lån	2 173	2 180	1 778	1 923
Netto finansutgifter	4 930	5 285	4 883	3 520
Motpost avskrivningar	-3 551	-	-	3 122
Netto driftsresultat	- 2 512 -	101 -	503 -	2 842
Disponering eller dekning av netto driftsresultat				
Overføring til investering	700	700	-	-
Netto avsetningar til eller bruk av bundne driftsfond	-	-	-	-
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	1 812	503	503	2 842
Bruk av tidl.års reknesk.m.mindreforbruk	-	1 102	-	-
Rekneskapsmessig meirforbruk	-	-	-	-
Dekning av tidlegare års meirforbruk	-	-	-	-
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	2 512	101	503	2 842
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk).	-	0	-	-
Kontrollsum art 980 Rekneskapsmessig meirforbruk	-	-	-	-

NETTO DRIFTSUTGIFTER PER TENESTE

§ 5-4. Bevilgningsoversikt drift.

Rekneskap til fordeling pr. ansvar

Tall i 1000 kroner

	Rekneskap 2023	Regulert budsjett 2023	Opphavelg budsjett 2023	Rekneskap 2022
Frå bevilgningsoversikt:				
Til fordeling drift	-6 362	-3 880	-3 880	-6 362
Administrasjon	-426	3 648	3 648	-149
Kaien nyanlegg - Farlei	189	-2 659	-2 659	-298
Kaifront - berar 2	-5 672	-912	-912	-6 221
Kaiareal - berar 3	-3 904	-740	714	-2 013
Passasjerar - berar 4	112	-1 094	-1 094	469
Hamnebygget - berar 5	1 641	-347	-1 802	1 492
Småbåthamn - berar 6	617	-3 282	-3 282	359
Netto for alle ansvar	-7 442	-5 386	-5 386	-6 362

INVESTERINGAR - FINANSERING

§ 5-5. Bevilgningsoversikt – investering

Tall i 1000 kroner	Rekneskap 2023	Regulert budsjett 2023	Opphavelag budsjett 2023	Rekneskap 2022
Investeringsutgifter				
Investeringar i varige driftsmidlar	4 505	4 000	2 900	962
Tilskot til andre investeringar	-	-	-	144
Investeringar i aksjar og andeler i selskaper	23	26	26	22
Utlån av egne midlar	-	-	-	-
Avdrag på lån	4 813	4 700	4 700	-
Sum investeringsutgifter	9 342	8 726	7 626	1 128
Investeringsinntekter				
Kompensasjon for meirverdiavgift	-	-	-	-
Tilskot frå andre	2 000	2 000	2 000	-
Sal av varige driftsmiddel	4 838	4 700	4 700	-
Sal av finansielle anleggsmiddel	-	-	-	-
Utdeling frå selskaper	-	-	-	-
Mottatte avdrag på utlån av egne midlar	-	-	-	-
Bruk av lån	26	26	26	-
Sum investeringsinntekter	6 864	6 726	6 726	-
Vidare utlån				
Vidare utlån	-	-	-	-
Bruk av lån til vidare utlån	-	-	-	-
Avdrag på lån til vidare utlån	-	-	-	-
Mottatte avdrag på vidare utlån	-	-	-	-
Netto utgifter vidare utlån	-	-	-	-
Overføring frå drift og netto avsetningar				
Overføring frå drift	700	700	-	-
Netto avsetningar til eller bruk av bundne investeringsfond	-	-	-	-
Netto avsetningar til eller bruk av ubunde investeringsfond	1 300	1 300	900	1 128
Dekning av tidlegare års udekt beløp	-	-	-	-
Sum overføring frå drift og netto avsetningar	2 000	2 000	900	1 128
Framført til inndekning i senere år (udekt beløp)	478	-	-	-
Kontrollsum art 980 Regnskapsmessig meirforbruk	-	-	-	-
Overføring til fordeling (§5-5, andre ledd)				
Inntekter til fordeling	-	-	-	-
Utgifter til fordeling	4 529	4 026	2 926	1 128
Sum til fordeling (netto)	4 529	4 026	2 926	1 128

INVESTERINGAR FORDELT PÅ PROSJEKT

§ 5-5. Bevilgningsoversikt – investering

Regnskap til fordeling pr. prosjekt

Tall i 1000 kroner

Frå bevilgningsoversikt:

Netto investeringar til fordeling:

Rekneskap 2023	Regulert budsjett 2023	Opphavelag budsjett 2023	Rekneskap 2022
4 529	4 026	2 926	1 128

Prosj Fordeling på prosjekt

	Rekneskap 2023	Regulert budsjett 2023	Opphavelag budsjett 2023	Rekneskap 2022
	-	1 100	-	-
1001 Justeringsavtale 2020, Solbakken AS	-	-	-	144
1999 Utstyr/maskiner, andeler,lån,fond	431	26	26	150
4136 ISPS oppgradering Leirvik Hamn (cruise)	-	-	-	-
4141 Utvikling, Stord Hamn Eldøyane	-	-	-	139
4143 Utviding ISPS terminal Eldøyane	714	-	-	186
4144 Ny hamneplan	-	-	-	-
4145 Enova - landstrøm	-	-	-	-
4148 Ny veg Grunnvåg	-	-	-	-
4149 Hamnebygg Teinevikjo	-	-	-	-
4151 Forstudie nytt hamnebygg	-	-	-	-
4153 Kai Eldøyane	61	-	-	61
4154 Huglo kai (Tongjaskjæret)	-	-	-	-
4157 Opprusting Onarheimsparken (tiltaksapakken 2020)	-	-	-	-
4158 Opprusting utebod gjestehamn (tiltaksapakken 2020)	-	-	-	-
4159 Flomvern Evjestrand (tiltaksapakken 2020)	-	-	-	-
4160 Utviding landstrømanlegg Eldøyane	-	-	-	-
4161 Landstrøm kai 3 Eldøyane	-	-	-	-
4164 Sikring kai 3 Eldøyane	318	1 500	1 500	-
4166 Støymåling Eldøyane	-	-	-	-
4167 Ad-hoc utval Leirvik Hamn	-	-	-	-
4168 Dueslaget	1 995	900	900	449
4169 Trapp Gjestehamn	-	500	500	-
4170 Sal tomt REN AS Eldøyane	798	-	-	-
4174 Hotell på Natrutekaien	273	-	-	-
Sum fordelt alle prosjekt	4 589	4 026	2 926	1 128

BALANSE


Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Rekneskap 2022
EIGENDELAR			
A. Anleggsmidler			
Faste eiendommar og anlegg	3	143 727	119 646
Utstyr, maskiner og transportmiddel	3	21 418	45 549
Aksjar og lutar	4	379	355
Pensjonsmidlar	7	11 371	10 626
Sum anleggsmidler	2	176 894	176 177
B. Omlaupsmidler			
Kasse, postgiro, bankinnskot		11 665	12 466
Kundefordringar		2 661	2 334
Andre kortsiktige fordringar		866	1 335
Premieavvik	1	1 141	914
Sum omlaupsmidler	1	16 332	17 050
Sum eigendelar		193 226	193 226
EIGENKAPITAL OG GJELD			
C. Eigenkapital			
Disposisjonsfond	8	-8 291	-6 479
Meirforbruk i driftsregnskapet			
Ubundne investeringsfond	8	-1 722	-3 022
Bundne investeringsfond	8	-20	-20
Udekket beløp i investeringsrekneskapet		478	-
Kapitalkonto	2	-83 239	-76 156
Endring i rekneskapsprins.som påverkar AK (drift)		98	98
Sum eigenkapital		-92 697	-85 580
D. Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner	5	-82 594	-89 580
Pensjonsforpliktelse	7	-11 208	-10 614
Sum langsiktig gjeld	2	-93 803	-100 194
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	1	-4 817	-3 605
Anna kortsiktig gjeld	1	-1 849	-3 777
Premieavvik	1	-60	-70
Sum kortsiktig gjeld	1	-6 726	-7 452
Sum eigenkapital og gjeld		-193 226	-193 226
Memoriakonti			
Ubrukte lånemidler	1,2	139	165
Andre memoriakonti		-	-
Motkonto for memoriakontiane		-139	-165
Sum memoriakonti		-	-

Stord, 22. februar 2024



Tommy Johansen
kommunedirektør



Marianne Heggholmen Aarbø
økonomisjef

Oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjoner
 Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-9

Tall i 1000 kroner

Rekneskap 2022

Netto driftsresultat	-2 512
Disponering eller dekning av netto driftsresultat:	
Avsetninger til bundne driftsfond	-
Bruk av bundne driftsfond	-
Overføring til investering i henhold til årsbudsjettet og fullmakter	700
Avsetning til disposisjonsfond i henhold til årsbudsjettet og fullmakter	503
Bruk av disposisjonsfond i henhold til årsbudsjettet og fullmakter	- 1 102
Budsjettert dekning av tidligere års merforbruk	
Årets budsjettavvik (mer- eller mindreforbruk før strykninger)	- 2 411
Strykning av bruk av disposisjonsfond	1 102
Mer- eller mindreforbruk etter strykninger	- 1 309
Avsetning av mindreforbruk etter strykninger til disposisjonsfond	1 309
Fremført til inndecking i senere år (merforbruk)	0,00

Sum investeringsutgifter, investeringsinntekter og netto utgifter videreutlån	2 503
Avsetninger til bundne investeringsfond	-
Bruk av bundne investeringsfond	-
Budsjettert bruk av lån	- 26
Overføring fra drift i henhold til årsbudsjettet og fullmakter	- 700
Avsetning til ubundne investeringsfond i henhold til årsbudsjettet og fullmakter	-
Bruk av ubundne investeringsfond i henhold til årsbudsjettet og fullmakter	- 1 300
Dekning av tidligere års udekket beløp	-
Årets budsjettavvik (udekket eller udisponert beløp før strykninger)	477
Strykning av bruk av lån	-
Strykning av bruk av ubundne investeringsfond	-
Udekket eller udisponert beløp etter strykninger	477,00
Fremført til inndecking i senere år (udekket beløp)	0,00

Innleiing, rekneskapsprinsipp

Rekneskapsprinsippet er utarbeidd i samsvar med føresegna i kommunelova, forskrifter og god kommunal rekneskapskikk.

Rekneskapsprinsipp

All tilgang og bruk av midlar i løpet av året som gjeld kommunen si verksemd går fram av driftsrekneskapsprinsippet eller investeringsrekneskapsprinsippet. Rekneskapsføring av tilgang og bruk av midlar berre i balanserekneskapsprinsippet vert ikkje gjort.

Alle utgifter, utbetalingar, inntekter og innbetalingar er rekneskapsført brutto. Dette gjeld også interne finansieringstransaksjoner. Alle kjente utgifter, utbetalingar, inntekter og innbetalingar i året er tatt med i årsrekneskapsprinsippet, enten dei er betalt eller ikkje. For lån er berre den delen av lånet som faktisk er brukt i løpet av året ført i investeringsrekneskapsprinsippet. Den delen av lånet som ikkje er brukt, er registrert som memoriapost. I den grad enkelte utgifter, utbetalingar, inntekter eller innbetalingar ikkje kan fastsettast eksakt ved tidspunktet for rekneskapsavlegginga, er det registrert eit estimert beløp i årsrekneskapsprinsippet.

Klassifisering av anleggsmidlar og omløpsmidlar

I balanserekneskapsprinsippet er anleggsmidlar eigendelar bestemt til varig eige eller bruk for Stord hamneshall. Andre eigendelar er omløpsmidlar. Fordringar knytt til eigen vare- og tenesteproduksjon, samt marknadsbaserte verdipapir som inngår i ein handelsportefølje er omløpsmidlar. Andre marknadsbaserte verdipapir er klassifisert som omløpsmidlar med mindre Stord hamneshall har gjort investeringa ut frå næringspolitiske eller samfunnsmessige omsyn. I slike tilfelle er verdipapira klassifisert som anleggsmidlar.

Andre fordringar er omløpsmidlar dersom desse forfall til betaling innan eit år etter anskaffingstidspunktet. Elles er dei klassifisert som anleggsmidlar.

Stord hamneshall følgjer KRS (F) nr 4 Avgrensinga mellom driftsrekneskapsprinsippet og investeringsrekneskapsprinsippet. Standarden har særleg betydning for skiljet mellom vedlikehald og påkosting i høve til anleggsmidlar. Utgifter som kjem av at ein opprettheld anleggsmiddelet sitt kvalitetsnivå vert utgiftsført i driftsrekneskapsprinsippet. Utgifter som representerer ein standardheving av anleggsmiddelet utover standarden ved anskaffinga vert utgiftsført i investeringsrekneskapsprinsippet og aktivert på anleggsmiddelet i balansen.

Klassifisering av gjeld

Langsiktig gjeld er knytt til formåla i kommunelova sin § 50 med unntak av likviditetstrekkrett/likviditetslån (kassakreditt) jf. Kl. § 50 nr 5. All anna gjeld er kortsiktig gjeld. Neste års avdrag på utlån er inkludert i anleggsmidlar og neste års avdrag på lån er inkludert i langsiktig gjeld.

Vurderingsreglar

Omløpsmidlar er vurdert til lågaste verdi av anskaffingskost og verkeleg verdi. Marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar er vurdert til verkeleg verdi.

Uteståande fordringar er vurdert til pålydande med frådrag for forventta tap. Fordringar som er sikra med legalpant er det ikkje tapsavsett for.

Anleggsmidlar er vurdert til skaffekost. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid vert avskrive med like store årlige beløp over levetida til anleggsmiddelet. Avskrivningane startar året etter at anleggsmiddelet er skaffa/tatt i bruk av verksemda. Avskrivingsperiodane er i tråd med § 8 i forskrift om årsregnskap og årsberetning.

Anleggsmidlar som har hatt verdifall som er forventta å ikkje vere forbigåande er nedskrive til verkeleg verdi i balansen. Vurderingane for eigendelar gjeld tilsvarende for kortsiktig og langsiktig gjeld. Opptakskost utgjer gjeldsposten sin pålydande i norske kroner på det tidspunkt som gjelda oppstår. Låneomkostningar (gebyr, provisjonar mv.), samt over- og underkurs er finansutgifter og inntekter. Over- og underkurs vert periodisert over lånet si løpetid som kortsiktig fordring/gjeld etter same prinsipp som gjeld for obligasjonar som vert halde til forfall.

For dei tenestene der kommunen sjølv har valt å krevje brukarbetalingar etter sjølvkostprinsippet følgjer ein dei same retningslinene.

Mva-plikt

Stord hamneshall følgjer reglene i mva-lova for dei tenesteområda som er omfatta av lova. For anna kommunal verksemd krev kommunen mva-kompensasjon. Motteken kompensasjon for betalt mva er finansiert av kommunen gjennom redusert statstilskot i inntektssystemet.

Pensjon

Pensjonsmidlar og pensjonsforpliktingar er ført i balansen som høvesvis anleggsmidlar og langsiktig gjeld.

Pensjonsforpliktinga består av den diskonterte verdien av dei samla framtidige pensjonsyttingane som er opptent ved utgangen av året. Forpliktinga er rekna ut frå langsiktige føresetnader om avkastning, lønsvekst og G-regulering. Årets pensjonskostnad er endring i forpliktinga frå byrjinga til slutten av året. Forskjellen mellom betalt pensjonspremie og berekna pensjonskostnad utgjer premieavviket, og skal amortiserast (tilbakeførast) i driftsrekneskapsprinsippet over dei neste 15 åra. Premieavvik oppstått i 2011 og seinare skal amortiserast over 10 år. Premieavvik oppstått i 2014 og seinare skal amortiserast over 7 år.

NOTE nr. 1: Endring i arbeidskapital

Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-10, a)

BALANSEN	31.12.2023	01.01.2023	Endring
Omløpsmidlar	16 331 946	17 049 696	-717 749
Kortsiktig gjeld	6 726 306	7 452 489	-726 183
Arbeidskapital	9 605 641	9 597 207	8 434

DRIFTS- OG INVESTERINGSREKNESKAPEN (bevilgningsoversikter)	2023
Netto driftsresultat	2 512 205
Netto utgifter/inntekter i investering	2 477 771
Endring ubrukte lånemidlar (auke +/reduksjon-)	-26 000
Endring arbeidskapital i drifts- og investeringsrekneskapen	8 434
Differanse i endring arbeidskapital balanse og drift og investering	0

FORKLARING TIL DIFFERANSE I ENDRING ARBEIDSKAPITAL

Endring i rekneskapsprinsipp som påverkar arbeidskapital, drift

Endring i rekneskapsprinsipp som påverkar arbeidskapital, investering

Andre forklaringar

Sum forklaringar**§ 5-10. Faste noteopplysningar om arbeidskapitalen****Endring av arbeidskapital basert på bevilgningsregnskapet**

Tall i 1000 kroner

	Rekneskap 2023		Rekneskap 2022	
Driftsrekneskapen:				
Inntekter driftsdel	-	17 865	-	17 162
Innbetalinger ved eksterne finanstransaksjonar driftsdel	-	579	-	255
Utgifter driftsdel		10 423		10 800
Utbetaling ved eksterne finanstransaksjonar driftsdel		5 509		3 775
Netto driftsresultat	-	2 512	-	2 842
Investeringsrekneskapen:				
Inntekter investeringsdel	-	6 838	-	-
Innbetalinger ved eksterne finanstransaksjonar investering:	-	26	-	-
Utgifter investeringsdel		4 505		1 106
Utbetaling ved eksterne finanstransaksjonar investeringsde		4 836		22
Netto utgifter i investeringsrekneskapen	-	2 478	-	1 128
Sum anskaffingar/bruk av midlar	-	34	-	1 715
Endring i ubrukte lånemidlar	-	26	-	-
Endring rekneskapsprinsipp drift	-	-	-	-
Endring regnskapsprinsipp investering	-	-	-	-
Endring i arbeidskapital (bevilgningsregnskapet)	-	8	-	1 715

Endring av arbeidskapital basert på balanseregnskapet

Tall i 1000 kroner

	Rekneskap 2023	Endring 2023	Rekneskap 2022	Endring 2022
OMLØPSMIDLER				
Endring premieavvik	1 141	227	914	318
Endring kortsiktige fordringar	3 527	143	3 670	3 971
Endring aksjar og andeler	-	-	-	-
Endring obligasjonar og sertifikater	-	-	-	-
Endring betalingsmiddel	11 665	802	12 466	8 543
Sum endring omløpsmidler	16 332	718	17 050	4 255
KORTSIKTIG GJELD				
Endring premieavvik	-	10	-	67
Endring kortsiktig gjeld	-	716	-	2 473
Sum endring kortsiktig gjeld	-	726	-	2 540
Endring i arbeidskapital (balanseregnskapet)	9 606	8	9 597	1 715

NOTE nr. 2: Kapitalkonto

Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-10, b)

BALANSEN	31.12.2023	01.01.2023	Endring
Anleggsmidler	176 893 988	176 176 607	717 381
Langsiktig gjeld	93 802 782	100 194 285	-6 391 503
Endring ubrukte lånemidler (økning +/-reduksjon-)	139 140	165 140	-26 000
Endring i rekneskapsprinsipp som påvirker anleggsmidler			
Endring i rekneskapsprinsipp som påvirker langsiktig gjeld			
Netto endring	83 230 346	76 147 462	7 082 884

NOTE nr. 3: Varige driftsmiddel

Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-11, a)

Anleggsmiddelgrupper, maksimum levetid

	5 år	10 år	20 år	40 år	50 år	Gruppe 9	Totalt
Bokført verdi per 1.1	440 673	3 158 920	41 949 837	2 290 623	98 554 436	18 800 612	165 195 101
Tilgang/omgruppert		407 893	1 031 316	1 995 105	273 040	29 501 710	
Avgang/omgruppert		227 095	23 809 883		5 691 827	1 61 000	
Avskrivningar	192 969	434 913	1 087 542	62 055	1 773 986		
Tilbakef. avskr.		181 615					
Nedskrivningar							
Reverserte nedskrivningar							
Bokført verdi 31.12	247 704	3 086 420	18 083 728	4 223 673	91 361 663	48 141 322	165 144 510

NOTE nr. 4: Aksjar og andeler (finansielle anleggsmidler)

Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-11, b)

Seiskapets navn	Eierandel i %	Vesentlig endringer i eierandel	Vesentlig nedskrivning	Reversering nedskrivning	Bokført verdi 31.12
Eigenkapitalilskot KLP					378 671

NOTE nr. 5: Lån

Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-12, a)

Eksterne lån	Bokført verdi 31.12	Løpetid	Rentefot	Refinansering*
Lån til egne investeringar frå Stord kommune	82 594 472	20 år	Stord kommune si gj.sn. rente	-

*Lån som forfell og må refinansierast i det år rekneskapen vert lagt fram.

NOTE nr. 6: Avdrag på lån

Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-12, b)

Minimumsavdrag

Berekna minimumsavdrag etter kommuneloven §14-18, 1. ledd
Korrigerig for motekne avdrag videreutlån til avdrag andre lån
Betalte avdrag
Differanse mellom berekna, korrigerige og betalte avdrag

Beløp

2 173 180

2 173 180

-

Avskrivningar

Bokført verdi avskrivbare anleggsmidler 31.12.
Bokført verdi lånegjeld 31.12.
Avskrivningar

146 394 488

89 580 393

3 551 464

NOTE nr. 7: Pensjon

Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-12. c)

Spesifikasjon av pensjonskostnad og årets premieavvik

	Beløp
Årets pensjonsopptening, noverdi	355 784
Rentekostnad av påløpt pensjonsforpliktning	388 009
- Forventa avkastning på pensjonsmidlar	-432 788
Administrasjonskostnader	15 963
Netto pensjonskostnad (inkl. adm.)	326 968
Årets pensjonspremie	783 907
Årets premieavvik	456 939

Amortiseringsperiodar

Premieavvik over 15 år	18 049
Premieavvik over 10 år	21 622
Premieavvik over 7 år	209 697
Sum amortisert premieavvik	249 368
Årets samla pensjonskostnad (summen av netto pensjonskostnad og amortiseringskostnader.)	576 336

Premiefond

	Beløp
Innestående på premiefond 01.01.	-113 927
Tilført premiefondet i løpet av året	-57 772
Bruk av premiefondet i løpet av året	169 706
Innestående på premiefond 31.12.	-1 993

Pensjonsmidlar og pensjonsforpliktning

	Beløp	Arbeidsgjevaravgift
Brutto påløpte pensjonsforpliktingar pr. 31.12.	11 208 310	
Pensjonsmidlar pr. 31.12.	11 370 806	
Netto pensjonsforpliktingar pr. 31.12.	-162 496	

Estimatavvik og planendringer

	Pensjonsmidlar beløp	Pensjonsforpliktingar beløp
Estimatavvik 31.12.	75 225	380 436
Verknad av planendringer		-

Forutsetningar for berekninga:

	KLP
Forventa avkastning pensjonsmidlar	4,00 %
Diskonteringsrente	3,50 %
Forventa årleg lønnsvekst	2,48 %
Forventa årleg G	2,48 %
Forventa pensjonsregulering	1,71 %

NOTE nr. 8: Vesentlege bundne fond

Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-13, a)

Bunde fond - føremål	Bokført verdi 01.01.	Avsetning	Bruk	Bokført verdi 31.12.
Bundne driftsfond				
Sjølvcostfond				
Øremerka statstilskot				
Næringsfond/Kraftfond				
Gåvefond				
Osv.				
Sum	-	-	-	-
Bundne investeringsfond				
Øremerka statstilskot (vedlikeholdstilskot korona)	19 876		-	19 876
Gåvefond				
Osv.				
Sum	19 876	-	-	19 876

Årsak til at det ikkje har vore brukt av fondet i rekneskapsåret:

§ 5-13. Notar til balansen, fond

Tall i 1000 kroner

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2021
DISPOSISJONSFOND		
Disposisjonsfond pr. 1.1	6 479	3 637
Avsatt til disposisjonsfond	1 812	2 842
Bruk av disposisjonsfond	-	-
Disposisjonsfond pr. 31.12	8 291	6 479
UBUNDNE INVESTERINGSFOND		
Ubundne investeringsfond pr. 1.1	3 022	4 150
Avsatt til ubundne investeringsfond	-	-
Bruk av ubundne investeringsfond	-1 300	-1 128
Ubundne investeringsfond pr.31.12	1 722	3 022
BUNDNE INVESTERINGSFOND		
Bundne investeringsfond pr. 1.1	20	20
Avsatt til bundne investeringsfond	-	-
Bruk av bundne investeringsfond	-	-
Bundne investeringsfond pr. 31.12	20	20
BUNDNE DRIFTSFOND		
Bundne driftsfond pr. 1.1	-	-
Avsatt til bundne driftsfond	-	-
Bruk av bundne driftsfond	-	-
Bundne driftsfond pr. 31.12	-	-



Saksframlegg

Saksnr: 2023/476-7
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	16/24	15.05.2024

Årsrekneskap og årsberetning Stord kommune for 2023 - Uttale frå kontrollutvalet**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Stord kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2023.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal gje sin uttale til årsrekneskapen og årsmelding for 2023 for Stord kommune. Uttalen skal følgje saka vidare til kommunestyret via formannskapet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Uttale frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2023 for Stord kommune
- 2 Signert årsrekneskap Stord kommune 2023 (Vedlegget vert sendt ut separat)
- 3 Signert årsberetning Stord kommune 2023. (Vedlegget vert sendt ut separat)
- 4 Stord kommune revisjonsberetning 2023.pdf
- 5 Revisjonsrapport nr. 6 for 2023 frå Deloitte
- 6 Stord kommune beretning etterlevelseskonsroll 2023.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

1. Innleiing

Kontrollutvalet skal i møte 15.05.2024, behandla utvalet sin uttale til Stord kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2023.

Representantar for administrasjonen og ansvarleg revisor vil vere til stades i møtet for å presentere årsrekneskapen og svare på spørsmål.

2. Ansvar for økonomiforvaltninga

Det er kommunestyret sitt ansvar å forvalte kommunen sin økonomi, herunder vedta årsrekneskap og årsmelding, jf. kommunelova § 14-2. Det er vidare kommunestyret sitt ansvar å påsjå at økonomiforvaltninga skjer i tråd med lov, forskrift og eigne føresegner. Kommunestyret sitt ansvar for forvaltninga av den økonomiske internkontrollen og økonomiforvaltninga er forsterka gjennom ny kommunelov, jf. mellom anna kommunelova §§ 14-1, 25-1 og 25-2.

Med grunnlag i finansielle måltal, skal årsmeldinga gje ei vurdering av om den økonomiske utviklinga og stillinga slik den går fram av årsrekneskapen er forsvarleg og tek vare på handleevna over tid, jf. kommunelova § 14-7 a-b. Det er ikkje lenger tilstrekkeleg at årsmeldinga berre gjer greie for sentrale resultat frå årsrekneskapen.

3. Føremålet med kontrollutvalet sin uttale

Føremålet med uttalen er at kommunestyret skal få oppsummerande og samla informasjon om at det gjennom året er gjennomført uavhengig kontroll med at krava til årsrekneskap og årsmelding er ivareteke i tråd med lov, forskrift og eigne føresegner. jf. kommunelova §§ 14-1, 14-2 og 14-7.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å gje uttale til kommunestyret om årsrekneskapen og årsberetninga, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader

4. Grunnlag for uttalen

Grunnlaget for uttalen er dokument og handsamingar som ligg til grunn for utarbeiding av denne saka, slik som:

- Avlagt årsrekneskap med notar frå rådmann, vedlegg 2
- Rådmann si årsberetning, vedlegg 3
- Revisjonsmelding, dagsett 15.04.2024, vedlegg 4
- Revisjonsrapport 2023 frå revisor nr. 6, datert 16.04.2024, vedlegg 5
- Deloitte – Etterlevingskontroll Stord kommune, datert 15.04.2024, vedlegg 6
- Revisor sine orienteringar til kontrollutvalet om revisjonsplanar, oppsummering etter

interimsrevisjon og oppsummering etter årsoppgjersrevisjon

- Analyser og vurderingar av den økonomiske stillinga til kommunen

I tillegg har ansvarleg revisor og kommunedirektør supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar.

Fullstendig årsrekneskap og årsmelding for 2023 skal vera å finne på denne lenkja:

[Årsmelding og årsrekneskap 2023 \(framsikt.net\)](#)

Kommentarar til Framsikt:

Sekretariatet registrerer at både tal og tekst ikkje var ferdig lagt inn i Framsikt pr. 06.05.2024. Så lenge det vert gjort endringar i både tal og tekst her etter at Deloitte har levert si revisjonsmelding pr. 15.04.2024, kan det stillast spørsmål ved om tal og tekst som til slutt ligg i Framsikt er dei same som det Deloitte har revidert.

5. Vurdering av årsrekneskapen og årsmelding

Revisjonsmelding frå Deloitte AS:

Kommunen sin revisor, Deloitte AS, har lagt fram ei rein revisjonsmelding, vedlegg 4. Her er medteke at netto negativt driftsresultat er kr. 10.896.000 i kommunekassen og netto negativt driftsresultat på kr. 8.384.000 i konsolidert årsrekneskap.

Revisor skriv mellom anna dette i sin konklusjon:

«Etter vår meining:

- oppfyller kommunekassa sin årsrekneskap gjeldande lovkrav og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa per 31. desember 2023, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.
- oppfyller den konsoliderte årsrekneskapen gjeldande lovkrav og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Stord kommune som økonomisk eining per 31. desember 2023, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.»

Vidare går det fram av revisjonsmeldinga dette når det gjeld årsmeldinga:

«Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav og
- at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.»

Deloitte har også konkludert slik når det gjeld vesentlege budsjettavvik, jf. kommunelova § 14-7, b):

«Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.»

Nummerert brev nr. 6 for rekneskapsåret 2023 frå Deloitte AS

Revisjonsrapport nr. 6 for rekneskapsåret 2023 frå Deloitte AS til kommunen, inngår også som ein del av sakshandsaminga til rekneskapsaka i kontrollutvalet, vedlegg 5. Revisjonsrapporten skildrar resultatet av nokre utvalde rekneskapsområde der dei har kartlagt og testa vesentlege

interne kontrollar i Stord hamn og Stord kommune. Dette for å identifisere kvar det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa. På bakgrunn av denne gjennomgangen har Deloitte AS teke fram dette:

Ikkje vesentlege, ikkje korrigerte feil for Stod kommune:

«Det er avdekket feil i regnskapsføring av arbeidsgiveravgift på netto pensjonsforpliktelse. Det er balanseført omlag kr 8 951 000 for mye i skyldig arbeidsgiveravgift. Feilen har ikke resultat effekt, men påvirker kapitalkonto.»

Attestasjonsuttale om etterlevingskontroll

I den nye kommunelova § 24-9 «Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen» står det dette:

«Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.

Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.»

På bakgrunn av dette leverte Deloitte AS «Uavhengig revisors fråsegn om etterleving av reglar og vedtak for økonomiforvaltninga» dagsett 15.04.2023, vedlegg 6.

Uttalen omhandlar etterleving av reglar og vedtak for økonomiforvaltninga knytt til oppfølging og avgrensing av sjølvkostprosjekt.

Til slutt konkluderer Deloitte AS m.a. slik:

«Basert på de utførte handlingane og innhenta bevis er vi ikkje blitt oppmerksame på tilhøve som gir oss grunn til å tro at Stord kommune ikkje i det alt vesentlege har etterlevd føresegnene i regelverket.»

Revisor orienterte også kontrollutvalet 07.03.24 om førebels funn, under behandling av sak PS 01/24.

Sekretariatet merker seg m.a. følgjande frå kommunedirektøren sin uttale i årsberetninga:

«For 2023 viser rekneskaperen eit underskot på 10,9 mill. kr. Dette utgjør 0,5 prosent av brutto driftsinntekter. Opphøveleg budsjett vart lagt fram med eit forventet underskot på 6,1 mill. kr. 2023 var eit år der både auka rentekostnader og eit stort lønnsoppgjer med påfølgande auke i pensjonskostnader prega resultatet. I tillegg har sjukefråvær og vakante stillingar skapt ein situasjon der bruk av overtid og innleige har skapt ein dyr måte å løysa bemanninga på. Rentekostnadane aleine dobla seg frå 52 mill. kr i 2022 til 104 mill. kr i 2023. Avdrag auka med 15 mill. kr. Når finanskostnadane auka med 67 mill. kr på eitt år, er det krevjande å omstilla verksemda like raskt. Resultatet vart disponert med overføring til investeringar med 0,6 mill. kr, netto avsetning til bundne fond med 9,7 mill. kr og netto bruk av disposisjonsfond med 21,2 mill. kr.»

«Skatteinngangen vart 705 mill. kr og utgjorde 96 prosent av landsgjennomsnittet. I tillegg kjem inntektsutjamning knytt til skatt på 6,5 mill. som er ført mot rammetilskot. I 2022 var skatteinngangen 682 mill. kr og utgjorde 89 prosent av landsgjennomsnittet. Noko av forklaringa på endringa mot landsgjennomsnittet er at 2022 var prega av auke i utbytteskatt på landsbasis. Utbytteskatten er ein liten del av Stord kommune sine skatteinntekter. Høgt aktivitetsnivå i næringslivet og lav arbeidsløyse er hovudforklaringa

på den gode skatteinngangen i 2023.

Andre generelle driftsinntekter har hatt ein auke på 27,5 mill. kr og er i hovudsak knytt til integreringstilskot. Havbruksfondet utgjorde 2,2 mill. kr mindre enn 2022. Stord kommune fekk tildelt ekstraordinære skjønsmidlar for styrking av frie driftsreservar på 2,5 mill. kr. Dette fekk ein ikkje for 2022.

Finansinntektene til kommunen er knytte til verdiendring på aksjar og obligasjonar, utbytte og renteinntekter på bankinnskot. Alle desse postane enda med høgare inntekt for 2023 enn forventa, og utgjorde til saman 48 mill. kr i 2023, tilsvarande sum var 14 mill. kr i 2022.»

I tråd med forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3 skal kontrollutvalet uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapane og årsberetningane før formannskapet innstiller til vedtak.

Kommunedirektøren har lagt fram ei årsberetning som gjev ei god skildring av drifta av kommunen i 2023.

6. Vurdering av økonomiforvaltninga og internkontrollen

Årsberetninga frå Stord kommune:

Årsberetninga frå administrasjonen skal utformast i tråd med kommunelova § 14-7, som lyd m.a. slik:

«Årsberetningene skal redegjøre for

- a) forhold som er viktige for å bedømme om den økonomiske utviklingen og stillingen ivaretar den økonomiske handleevnen over tid
- b) vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet, og vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene
- c) virksomhetens måloppnåelse og andre ikke-økonomiske forhold som er av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen eller innbyggerne
- d) tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard
- e) den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestilling
- f) hva kommunen eller fylkeskommunen gjør for å oppfylle arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26.»

Sekretariatet har merka seg at omtalen av desse punkta er fråverande eller lite tilgjengeleg i årsberetninga for 2023, vedlegg 3:

- a) om den økonomiske utviklingen og stillingen ivaretar den økonomiske handleevnen over tid
- d) tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard
- f) hva kommunen gjør for å oppfylle arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26

Sekretariatet registrerer at omtale av desse punkta heller ikkje går fram av årsmeldinga som ligg i Framsikt.

Kontrollutvalet bør omtale dette i sin uttale.

Vurderinga av økonomiforvaltninga og internkontroll i kommunen byggjer på rapportar frå rekneskapsrevisor, forvaltningsrevisjon og informasjon frå kommunen.

- Det er ikkje avdekka vesentlege svakheiter med den økonomiske internkontrollen, verken gjennom revisor sine rapporteringar gjennom året eller i deira orienteringar til kontrollutvalet. Revisor peikar likevel på fleire forhold i sin revisjonsrapport 2023 som kan og bør forbeistrast, vedlegg 5.
- Revisor har stadfesta i revisjonsmeldinga at budsjettavvik og avvik frå budsjettpremissane er tilfredsstillande forklart i årsberetninga, vedlegg 4.
- Det er ikkje meldt om misleghald til kontrollutvalet i 2023
- Oversyn over statlege tilsyn i 2023 går fram av årsmeldinga frå kommunedirektøren.

Vidare står det dette i kommunlova § 25-2:

«Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret og fylkestinget om internkontroll og om resultater fra statlig tilsyn minst én gang i året.»

Stord kommune har løyst dette ved å rapportere om internkontroll som ein del av årsberetninga.


7. Vurdering av den kommunale økonomiske berekrafta (KØB)

Økonomisk handleevne

Netto driftsresultat:

Av rekneskapan for 2023 har sekretariatet merka seg eit netto negativt driftsresultat med kr 10.896.000 som utgjer eit netto resultatgrad på - 0,55 % (Sett opp mot sum driftsinntekter). Gjennomsnitt for alle kommunane i Noreg ligg ifølge opplysningar fra SSB pr. 15.03.2024 på netto resultatgrad på 0,8 % i 2023. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 % for å ha ei forsvarleg økonomisk drift. Stord kommune har også vedteke eit slikt måltal. Det vert tilrådd at kontrollutvalet i sin uttale omtaler dette.

For Stord kommune har netto resultatgrad vore slik de siste 5 åra: 2019 (+ 2,49 %), i 2020 (+ 4,01 %), 2021 (+ 1,97 %), 2022 (+ 0,11 %) og 2023 (- 0,55 %), sjå graf nedanfor. Som me ser av desse tala har kommunen eit resultat som i 2023 er negativt, og monaleg lågare enn tilrådinga frå TBU og snittet i kommunane. Me ser også av tala at netto driftsresultat har gått jamt nedover dei siste åra sidan 2020. Netto driftsresultat viser kva ein har igjen etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Driftsresultatet påverkar i stor grad kommunen sin handlefridom og evne til å tåla svingingar i økonomien.



Gjeld:

Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 – 2015) «Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning». Her er det undersøkt sammenhengen mellom høy lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at Stord kommune i 2023 har ei lånegjeld tilsvarande 136,48 % av sum driftsinntekter, altså godt over tilrådinga frå Riksrevisjonen. Tilsvarande tal var 126,8 % i 2019, 127,55 % i 2020, 137,91 % i 2021, 144,91 % i 2022 og 136,48 % i 2023. Som me ser av desse tala har det vore ein jamn auke i lånegjelda fram til 2022 medan den går noko ned i 2023. Etter det sekretariatet kan sjå av føreliggande informasjon har Stord kommune ikkje sett eigne måltal for lånegjeld.

Kommunen si gjeldsbelastning finn ein ved å sjå på renteutgifter minus renteinntekter pluss avdragsutgifter i prosent av driftsinntektene. Etter det sekretariatet kan sjå av føreliggande informasjon har Stord kommune ikkje sett eigne måltal her, men dette bør normalt sett vera under 5 %. Den var i 2023 på 8,77 % medan den i 2020 var på 6,36 %, 2021 på 6,00 % og 2022 på 6,99 %. Me ser med andre ord at gjeldsbelastninga er monaleg høgare enn 5 %.

Det vert tilrådd at kontrollutvalet i sin uttale omtaler dette.

Disposisjonsfond:

Disposisjonsfondet i 2023 er på 5,47 % av driftsinntektene.

- Riksrevisjonen si tilråding er på minst 5 %.
- Statsforvaltaren i Vestland skriv i brev til kommunen «Stord kommune - budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027» dagsett 14.03.2024, at disposisjonsfondet bør vere på det nivået kommunen har som målsetjing, det vil seie 5 – 10 prosent av driftsinntektene.

Tilsvarande tal var i 2020 på 5,40 %, 2021 på 6,91 % og 2022 på 7,10 %. Resultatet er altså framleis over tilrådinga frå riksrevisjonen sjølv om den har noko gått ned i 2023 og over eige måltal. Vidare er disposisjonsfondet under Statsforvaltaren si tilråding i 2023 men innafør ift. Statsforvaltaren si

tilråding i 2024. Statsforvaltaren skriv dessutan i skriv av 14.03.2024 at «kommunen kan kome i ein alvorleg økonomisk situasjon dersom ikkje gjeldsveksten er moderat framover.»

Det vert tilrådd at kontrollutvalet i sin uttale omtaler dette.

Oppsummering

Det vert tilrådd at kontrollutvalet denne gongen innarbeider følgjande i sin uttale, vedlegg 1:

- Rekneskapsmessig meirforbruk i høve regulert budsjett
- Netto driftsresultat
- Gjeldsgrad
- Gjeldsbelastning
- Disposisjonsfond
- Manglande omtale av punkt i årsberetninga i tråd med kommunelova § 14-7
- Talmateriale og uttale frå revisjonsmeldinga og revisjonsrapporten
- Tilhøve om tala i årsberetninga, jf. kommunelova §§ 14-7 og 25-2

Konklusjon

Stord kommune har i 2023 eit negativt driftsresultat på – 0,55 %. Tilsvarande er disposisjonsfondet på 5,47 % av driftsinntektene. Riksrevisjonen tilrår her minst 5 % medan Statsforvaltaren i Vestland i 2023 tilrådde opparbeiding til om lag 10 %, men har modert seg til 5 – 10% i budsjettbrev til kommunen av 14.03.2024 . Totalt sett har Stord kommune framleis høg lånegjeld og eit driftsresultat for 2023 som er monaleg under både tilrådinga frå TBU og landsgjennomsnittet. Det er positivt at disposisjonsfondet framleis ligg over tilrådinga frå Riksrevisjonen sjølv om den også har gått noko ned sidan 2022. Samstundes er det viktig å legge merke til Statsforvaltaren i Vestland si vurdering om at «kommunen kan kome i ein alvorleg økonomisk situasjon dersom ikkje gjeldsveksten er moderat framover.»

Sett opp mot lånegjelda vil kommunen vere sårbar i høve til dømes svingingar i rentemarknaden.

Kontrollutvalet sin uttale og revisjonsmeldinga er to sjølvstendige dokument, som følgjer saka vidare via formannskapet til kommunestyret.



Til Stord kommune v/kommunestyret

UTTALE TIL ÅRSREKNESKAP OG ÅRSBERETNING FOR 2023

Kontrollutvalet har 15.05.2024 handsama årsrekneskapen og årsberetninga for 2023 for Stord kommune som er avlagd av kommunedirektør, samt tilhøyrande revisjonsmelding dagsett 15.04.2024.

Kommunen har i 2023 eit netto negativt driftsresultat på kr. 10.986.000 i kommunekassen og eit netto negativt driftsresultat i den konsoliderte rekneskapen på kr. 8.384.000. Revisor har, i revisjonsmeldinga, ikkje gjeve merknader til årsrekneskapen / årsberetninga. Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga, ei samla vurdering, tilrår difor kontrollutvalet at årsrekneskapen og årsberetninga for 2023 vert godkjend slik den ligg føre.

Kontrollutvalet vil likevel gjera kommunestyret merksam på følgjande tilhøve:

- **Viktige nøkkeltal i årsrekneskapen:**
 - Netto driftsresultat er på - 0,55 % av driftsinntektene, tilrådinga frå TBU er + 1,75 % og snittet i kommunar i Norge er i 2023 på + 0,8 %
 - Lånegjelda er berekna til 136,48 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen tilrår maks 75%
 - Gjeldsbelastninga er berekna til 8,77 % av driftsinntektene. Stord kommune har ikkje sett eige måltal her, men dette bør normalt sett vera på under 5%
 - Disposisjonsfondet er berekna til 5,47 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen si tilråding er på minst 5%. Statsforvaltaren i Vestland tilrødde i budsjettbrev til kommunen «Stord kommune - budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026» dagsett 14.03.2024 at disposisjonsfondet bør vere på det nivået kommunen har som målsetjing, det vil seie 5 – 10 prosent av driftsinntektene.

Stord kommune har eit negativt driftsresultat, som er monaleg lågare enn både tilrådinga frå TBU og snittet i Noreg. Disposisjonsfondet er positivt i 2023 medan lånegjelda er langt over tilrådinga frå Riksrevisjonen. Gjeldsbelastninga er no på 8,77 %.

Deloitte har gjennomført etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga i Stord kommune når det gjeld Stord kommune si etterleving av reglar og vedtak for økonomiforvaltninga knytt til oppfølging og avgrensing av sjølvkostprosjekt, og dei konkluderer slik:

«Basert på de utførte handlingane og innhenta bevis er vi ikkje blitt oppmerksame på tilhøve som gir oss grunn til å tro at Stord kommune ikkje i det alt vesentlege har etterlevd føresegnene i regelverket.»

På bakgrunn av dette har kontrollutvalet slik oppsummering/tilrådingar:

- Kontrollutvalet er uroa for at Stord kommune si lånegjeld har vore høg fleire år på rad, sjølv om den har gått litt ned i 2023, ligg den langt over Riksrevisjonen si tilråding. Den er i 2023 på 136,48 % ift. driftsinntektene, medan det er tilrådd at den ligg under 75 %. Tilsvarende tal i 2019 var på 126,8 %, i 2020 på 127,55 %, 2021 på 137,79 % og i 2022 på 144,91 %.
- Kontrollutvalet er også uroa over at gjeldsbelastninga i 2023 er på 8,77 % av driftsinntektene, dette bør normalt ikkje vera over 5 %.
- Disposisjonsfondet i 2023 er på 5,47 % av driftsinntektene. Riksrevisjonen si tilråding er på minst 5 %. Statsforvaltaren i Vestland skriv i brev til kommunen «Stord kommune - budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027» dagsett 14.03.2024, at disposisjonsfondet bør vere på det nivået kommunen har som målsetjing, det vil seie 5 – 10 prosent av driftsinntektene.
- Statsforvaltaren skriv dessutan i skriv av 14.03.2024 at «kommunen kan kome i ein alvorleg økonomisk situasjon dersom ikkje gjeldsveksten er moderat framover.»
- Dei ikkje-økonomiske krava i kommunelova § 14-7 a, d og f er ikkje omtalt i årsberetninga på ein tilfredsstillande eller lett tilgjengeleg måte, dette gjeld:
 - a) om den økonomiske utviklingen og stillingen ivaretar den økonomiske handleevnen over tid
 - d) tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard
 - f) hva kommunen gjør for å oppfylle arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26
- Dei ikkje-økonomiske krava i kommunelova § 25-2 er omtalt i årsberetninga på ein tilfredsstillande måte

Ut over det som er nemnd i uttalen, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapsaka, samt revisjonsmeldinga av 15.04.2024 og revisjonsrapport 2023 nr. 6, datert 15.04.2024, har kontrollutvalet ikkje merknader til Stord kommune sin årsrekneskap og årsberetning for 2023.

Stord kommune, 15.05.2024

Tarjei Aamot Haga
kontrollutvalsleiar

Kopi:
Formannskapet

Til kommunestyret i Stord Kommune

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Utsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Stord kommune, som viser eit netto negativt driftsresultat på TNOK 10 896 , og eit netto negativt driftsresultat i den konsoliderte årsrekneskapen på TNOK 8 384. Årsrekneskapen er samansett av:

- kommunekassa sin årsrekneskap, som består av balanse per 31. desember 2023, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, samt notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp, og
- konsolidert årsrekneskap, som består av balanse per 31. desember 2023, driftsrekneskap og investeringsrekneskap, for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er:

- oppfyller kommunekassa sin årsrekneskap gjeldande lovkrav og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa per 31. desember 2023, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.
- oppfyller den konsoliderte årsrekneskapen gjeldande lovkrav og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Stord kommune som økonomisk eining per 31. desember 2023, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen, slik det er krav om i lov og forskrift, og har etterlevd dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Årsmeldinga og anna ytterlegare informasjon

Rådmannen er ansvarleg for informasjonen i årsmeldinga og den ytterlegare informasjonen som er publisert saman med årsrekneskapen. Ytterlegare informasjon omfattar den lovbestemte årsmeldinga og anna informasjon i kommunens årsrapport. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer verken informasjonen i årsmeldinga eller annan ytterlegare informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese årsmeldinga og anna ytterlegare informasjon. Føremålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga, anna ytterlegare informasjon og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen av årsrekneskapen, eller om informasjonen i årsmeldinga og anna ytterlegare informasjon elles tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsmeldinga eller anna ytterlegare informasjon tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har ikkje noko å rapportere om det.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav og
- at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» og «Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik» under vår utsegn om andre lovmessige krav.

Rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen

Rådmannen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med kommunelovas regler og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Rådmannen er også ansvarleg for slik intern kontroll han/ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser, kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar, basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift, god revisjonsskikk i Noreg og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjøn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkelege og formålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn risikoen for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vi vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysingar som er utarbeidde av rådmannen, er rimelege.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, tilleggsopplysingane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.
- hentar vi inn tilstrekkeleg og formålstenleg revisjonsbevis om den finansielle informasjonen til rekneskapseiningane som inngår i konsolidert årsrekneskap, for å kunne gi uttrykk for ei meining om den konsoliderte årsrekneskapen. Vi er ansvarlege for å leie, følgje opp og gjennomføre revisjonen av den konsoliderte årsrekneskapen. Vi åleine er ansvarlege for vår revisjonskonklusjon.

Vi kommuniserer med kontrollutvalet og rådmannen, mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for

ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, knytt til Stord kommune si forklaring for vesentlege budsjettavvik, enten det skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane.

Konklusjon

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

Rådmannen sitt ansvar for å forklare budsjettavvik

Rådmannen er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørger for at det blir utarbeidd og iverksett rutinar som sikrar at alle vesentlege budsjettavvik blir identifisert og forklart. Dette gjeld både beløpsmessige rammer og vedtekte premisser for bruken av løyvingane. I årsmeldinga skal rådmannen forklare vesentlege beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsrekneskapen, og vesentlege avvik frå kommunestyret eller fylkestinget sine premisser for bruken av løyvingane.

Våre oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å sjå etter om årsmeldinga gir dekkande opplysningar om vesentlege beløpsmessige avvik frå årsbudsjettet og vesentlege avvik frå kommunestyret eller fylkestinget sine premisser for bruken av løyvingane. Vi skal gje ei fråsegn om årsmeldinga på grunnlag av bevisa vi har henta inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerheit i samsvar med reglane i kommunelova og RSK 302 Forenkla etterlevingskontroll av vesentlege budsjettavvik. Standarden krev at vi planlegg og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerheit for om det ligg føre dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik i årsmeldinga.

Utføring av eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit i samsvar med RSK 302, inneber å utføre handlingar for å innhente bevis for om det er avvik frå budsjettvedtak, både beløpsmessige avvik og avvik frå kommunestyret eller fylkestinget sine premisser for bruken av løyvingane, og om det i årsmeldinga er gitt dekkande opplysningar om årsakene til avvika. Revisor sitt skjønn avgjer typen, tidspunktet for og omfanget handlingar. Moderat sikkerheit har klart lågare sikkerheitsgrad enn tryggande sikkerheit, og vi gir derfor ikkje uttrykk for same nivå av sikkerheit i attestasjonen, som i konklusjon om årsrekneskapen i revisjonsmeldinga. Vi meiner at vi har innhenta tilstrekkeleg og føremålstenleg bevis som grunnlag for konklusjonen vår.

Haugesund, 15. april 2024
Deloitte AS



Else Holst-Larsen
statsautorisert revisor

Stord Kommune
v/Kontrollutvalet
pb 304
5402 Stord

16. april 2024

Revisjonsrapport nr 6

REVISJON AV ÅRSREKNESKAPEN FOR REKNEKAPSÅRET 2023

Innleiing

Vi har avslutta revisjonen av rekneskapen for Stord kommune og Stord Hamn for 2023, og vil nytta høvet til å gje ei kort tilbakemelding om revisjonsarbeidet, og formidla observasjonar som det etter vår vurdering er viktig at leiinga i kommunen er informert om.

Vi har gjennomført dei revisjonshandlingane vi har sett som nødvendige for å få stadfesta at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar og som grunnlag for vår revisjonsmelding.

Deloitte utfører ein risikobasert revisjon. Dette inneber at kontrollmetodar og kontrollomfang vert tilpassa risikoen i organisasjon og rutinar. Vi kartlegg og vurderer difor dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane for å identifisera kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa.

Vi vil presisera at det er leiinga i kommunen som er ansvarleg for å etablera og gjennomføra ein tilfredsstillande intern kontroll. Som ein del av dette skal leiinga sjå til at rekneskapsføringa er i samsvar med lover og forskrifter og at formuesforvaltninga er ordna på ein trygg måte.

Kommunen har gjennomgåande etablert tilfredsstillande rutinar, og det er ikkje avdekket vesentlege feil eller manglar ved rekneskapsføringa eller årsrekneskapen. Vi opplever dialogen med kommunen som svært open og god, og vi har fått tilgang til all informasjon vi har bede om.

Rekneskapsrevisjon

Rekneskapsrevisjonen skal gje revisor grunnlag for å gje ein uttale om rekneskapen i form av ei revisjonsmelding. Rekneskapsrevisjonen er delt i to fasar, interimrevisjon og årsoppgjersrevisjon.

I interimrevisjonen testar vi kontrollar i rekneskapsrutinar for å få verifisert at dei har fungert i heile rekneskapsperioden. I tillegg gjennomfører vi kontrollar på områder og for rekneskapsposter kor det ikkje er mogleg å oppnå same tryggleik eller med same effektivitet ved revisjon i årsoppgjeret.

I årsoppgjersrevisjonen har vi verifisert alle vesentlege balansetal og revidert obligatoriske oppstillingar og noter.

Vi har ved våre revisjonshandlingar ikkje funnet vesentlige formelle eller materielle feil i den framlagte rekneskapen.

2. Ikkje vesentlege, ikkje korrigerede feil

Stord kommune

- Det er avdekket feil i regnskapsføring av arbeidgiveravgift på netto pensjonsforpliktelse. Det er balanseført omlag kr 8 951 000 for mye i skyldig arbeidsgiveravgift. Feilen har ikke resultatteffekt, men påvirker kapitalkonto.

Dersom noko skulle være uklårt i framstillinga ovanfor står vi gjerne til teneste.

Med vennleg helsing
Deloitte AS



Else Holst-Larsen
Statsautorisert revisor

Kopi Kommunedirektør

Til

Kontrollutvalget i Stord kommune

UAVHENGIG REVISORS FRÅSEGN OM ETTERLEVING AV REGLAR OG VEDTAK FOR ØKONOMIFORVALTNINGA

Vi utført eit attestasjonsoppdrag som skal gi moderat tryggleik, i samband med Stord kommune si etterleving av reglar og vedtak for økonomiforvaltninga knytt til oppfølging og avgrensing av sjølvkostprosjekt.

Vi har kontrollert sjølvkostprosjekt avslutta pr 31.12.2024.

Leiinga sitt ansvar for etterleving av reglar og vedtak for økonomiforvaltningen

Rådmannen er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørger for at økonomiforvaltninga blir utført i tråd med reglar og vedtak, og at økonomiforvaltninga er gjenstand for trygg kontroll.

Vår uavhengighet og kvalitetskontroll

Vi har utført oppdraget i samsvar med etiske retningslinjer for revisjonsselskapet, som inneheld sjølvstendekrav og andre krav basert på grunnleggjande prinsipp om integritet, objektivitet, fagleg kompetanse og tilbørleg varsemnd, fortrulegheit og profesjonell framferd.

I samsvar med internasjonal standard for kvalitetskontroll (ISQC 1 Kvalitetskontroll for revisjonsfirmaer som utfører revisjon og forenklet revisorkontroll av rekneskaper samt andre attestasjonsoppdrag og beslektede tjenester) har Deloitte AS eit tilstrekkeleg kvalitetskontrollsystem, herunder dokumenterte retningslinjer og rutinar for etterleving av etiske krav, faglege standarder og krav i gjeldande lovgiving og anna regulering.

Våre oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å avgi ei fråsegn om etterleving av reglar og vedtak for økonomiforvaltningen på grunnlag av bevisa vi har henta inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerheit i samsvar med kommunelova sine reglar og RSK 301 Forenklet etterlevingskontroll med økonomiforvaltningen. Standarden krever at vi planlegger og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerheit for om det ligg føre vesentlege feil eller manglar ved etterleving av reglar og vedtak i kommunen si økonomiforvaltning.

Vi baserer oppgåven på ein risiko- og vesentleghetsvurdering som er lagt fram for kontrollutvalet.

Utføring av et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerheit i henhold til RSK 301, medfører å utføre handlingar for å innhente bevis for at føresegn og vedtak for økonomiforvaltningen blir etterlevd. Typen, tidspunktet for og omfanget av dei valgte handlingane er gjenstand for revisor sitt skjønn. Moderat sikkerheit har klart lavere sikkerheitsgrad enn betryggande sikkerheit, og vi gir derfor ikkje uttrykk for same nivå av sikkerheit som i ein revisjonsberetning.

Vi mener at vi har innhenta tilstrekkeleg og føremålstenleg bevis som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Basert på de utførte handlingane og innhentea bevis er vi ikkje blitt oppmerksame på tilhøve som gir oss grunn til å tro at Stord kommune ikkje i det alt vesentlege har etterlevd føresegnene i regelverket.

Denne uttalen er utelukkande utarbeid for å gi kontrollutvalet eit bedre grunnlag for å ivareta sitt ansvar med kontroll av økonomiforvaltninga og til Stord kommune sin informasjon, og er ikkje nødvendigvis eigna til andre formål.

Haugesund, 15. april 2024
Deloitte AS



Else Holst-Larsen
statsautorisert revisor



Saksframlegg

Saksnr: 2024/52-4
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	17/24	15.05.2024

Vurdering av om Deloitte AS er uavhengig i høve Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå partner Else Holst-Larsen, vedrørande om Deloitte AS er uavhengig i høve Stord kommune, til etterretning.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal ta stilling til om Deloitte AS er uavhengig i høve Stord kommune. Vedlagt uavhengighetserklæring ligg til grunn for saka.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Stord eigenerklæring - uavhengighet

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samsvar med Forskrift om kontrollutvalg og revisjon skal ansvarleg revisor for kommunar og fylkeskommunar vurdere sin uavhengigheit. Oppfølging av dette kravet ligg til kontrollutvalet.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka jf. Kommuneleva § 23-2, jf. Forskrift om kontrollutvalg og revisjon §§ 16 og 19.

Vurderingar og verknader

I kommuneleva § 23-2 Kontrollutvalgets ansvar og myndighet står det m.a. dette:

«Kontrollutvalget skal påse at

a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte»

I Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 16 Krav til revisors uavhengighet står det dette:

«Revisor kan ikke utføre revisjon eller annen kontroll for kommunen eller fylkeskommunen hvis det foreligger særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisorens uavhengighet og objektivitet.

Ansettelse som revisor i kommunen eller fylkeskommunen eller i en interkommunal samarbeidsordning medfører ikke i seg selv at revisoren mangler nødvendig uavhengighet og objektivitet.»

Vidare står det i § 19 Krav til egenvurdering av uavhengighet i same forskrift dette:

«Den som utfører revisjon eller annen kontroll for en kommune eller fylkeskommune, skal løpende vurdere sin uavhengighet.

Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, gi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget.

En skriftlig egenvurdering om revisjonens uavhengighet skal følge alle tilbud om revisjon.»

Ansvarleg revisor hjå Deloitte, Else Holst-Larsen, har no sendt over ein slik egenvurdering. Den er udatert men vedlagt e-post av 02.05.2024. Denne ligg ved saka.

Som det går fram av kommuneleva har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ein forsvarleg revisjon.

Kontrollutvalet si behandling av ansvarleg revisor si egenvurdering, vil vera ein lekk i å sjå til at kommunen har ein forsvarleg revisjon.

I nokre kommunar har revisor utført oppgåver / prosjekt for kommunen, som ikkje er bestilt av kontrollutvalet. Det er ingen ting i vegen for at dette kan gjennomførast, dersom det ikkje kjem i konflikt med uavhengigheit og objektivitet eller er arbeid av stort omfang. Det bør difor opplysast om revisor har utført oppdrag for kommunen ut over det som er bestilt av kontrollutvalet, og storleiken på oppdraget.

Deloitte opplyser dette i e-post til sekretariatet av 02.05.2024: «Deloitte AS har ikke levert tilleggstenester utover forvaltningsrevisjoner, med Deloitte Advokat AS har levert tjenester for ca

kr 56.000 i all hovedsak (kr 51.000) gjelder et kurs som Stord arrangerte og videre fakturerte deltagere fra andre kommuner.»

Sekretariatet kan ikke sjå at det kjem fram opplysningar i eigenerklæringa eller i tilleggsopplysningar om anna revisjonsarbeid som svekkar Deloitte AS sin ansvarlege revisor sin uavhengigheit i høve Stord kommune.

Konklusjon

Ut frå innhaldet i eigenerklæring og tilleggsopplysningane vert det tilrådd å ta informasjonen til etterretning.


Eigenerklæring - Uavhengighet

Deloitte AS v/partner Else Holst-Larsen stadfestar at vi oppfyller krava til uavhengigheit i kommunelova § 24-4. Deloitte AS har gjennomført ein formell kontroll av eigen uavhengigheit for å identifisere eventuelle relasjonar mellom relevante personar i Stord kommune, og partnerar og andre tilsette i Deloitte som er underlagt revisorlova sine føresegner om uavhengigheit, utan at det er identifisert forhold som er til hinder for at vi utføre revisjonsoppdraget.

Detaljert eigenvurdering av uavhengigheit og andre krav jamfør forskrift om kontrollutval og revisjon følgjer punktvis under:

Særeigne tilhøve (§ 16)	Vi kjenner ikkje til at det ligg føre særeigne tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til Deloitte AS som revisor for Stord kommune.
Nærstående (§ 17)	Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje nærstående som har tilknytning til Stord kommune som er av betydning for vår uavhengigheit og objektivitet.
Tilsettingstilhøve (§ 18 a og b)	Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje anna stilling hos Stord kommune eller i verksemdar som kommunen deltek i.
Medlem i styrande organ (§ 18 c)	Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen er ikkje medlem av styrande organ i noko verksemd som Stord kommune deltek i.
Deltek i eller har funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit (§ 18 d)	Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje funksjonar i noko verksemd som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rollen som revisor for Stord kommune.
Rådgjevings- eller andre tenester som er eigna til å påverke revisors habilitet (§ 18 e)	Vi stadfester at det for tida ikkje vert ytt rådgjevings- eller andre tenester til Stord kommune som kjem i konflikt med krav til uavhengigheit og objektivitet.
Tenester under kommunens egne leiings- og kontrolloppgåver (§ 18 f)	Vi stadfester at det for tida ikkje vert ytt tenester til Stord kommune som høyrer inn under kommunen sine egne leiings- og kontrolloppgåver.
Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige (§ 18 g)	Vi stadfester at Deloitte for tida ikkje opptre som fullmektig for Stord kommune.
Eigenvurdering av uavhengigheit (§ 19)	Vi stadfestar at Deloitte løypande vurderer vår uavhengigheit, og at oppdragsansvarleg revisor årleg og ved behov gir ein skriftleg eigenvurdering av si uavhengigheit til kontrollutvalet.
Teieplikt og unntak frå denne (§ 20)	Vi stadfester at alle medarbeidarar til revisor er kjend med teieplikta etter kommunelova § 24-4, og er forplikta til å overhalde denne.
Dokumentasjon (§ 21)	Vi stadfester at Deloitte etterlever dokumentasjonskrava i forskrift om kontrollutval og revisjon § 21, inkludert at vi dokumenterer korleis revisjonen er gjennomført, kva resultatet er av revisjonen, at alle forhold som tilseier at det kan føreligge mislegheiter eller feil dokumenterast særskilt, og at både art, omfang og eventuelle tilrådingar av eventuell rådgjeving og andre tenester for revidert eining blir dokumentert. All dokumentasjon blir oppbevart på ein ordna og betryggande måte i minst 10 år.

Oppdragsansvarleg revisor



.....

Else Holst-Larsen (partner)



Saksframlegg

Saksnr: 2023/391-16
Saksbehandlar:Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	18/24	15.05.2024

Plan for forvaltningsrevisjon i Stord kommune for perioden 2024 - 2028

Forslag til innstilling

1. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028 for Stord kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2028.
3. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal innstilla om rapport etter forvaltningsrevisjonar til kommunestyret etter kvart

Samandrag

Føremålet med denne saka er å legga fram sak om plan for forvaltningsrevisjon for Stord kommune for perioden 2024 – 2028. Planen skal vidare til kommunestyret til endeleg avgjerd.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskreven underskrift

Vedlegg

- 1 ROV Stord kommune 2024.pdf (Stor fil - mange MB – sendt ut for seg)
- 2 Utkast plan for forvaltningsrevisjon i Stord kommune 2024-2028.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunelova § 23-3 Forvaltningsrevisjon lyd slik:

«Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Det er verdt å merka seg at det i den nye kommunelova er lagt opp til at forvaltningsrevisjon av verksemda i kommunen sine selskap no skal inngå som ein del av plan for forvaltningsrevisjon. I gammel kommunelov var dette ein del av det som den gong heitte plan for selskapskontroll. Etter ny kommunelov heiter denne planen plan for eigarskapskontroll og den planen skal omfatte kommunen si oppfølging av selskapa som eigar (eigaroppfølging), jf. anna sak til dette møtet.

Dette inneber at kontrollutvalet innan utgangen av 2024 må syta for:

- å utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon i perioden 2024 – 2028
- å gjennomføra ein risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av kommunen si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap som planen skal baserast på
- at planen vert vedteken av kommunestyret som kan delegera til kontrollutvalet å føreta endringar i planperioden.

Kontrollutvalget gjorde slikt vedtak i sak PS 39/23, 06.12.2023:

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderingar (ROV) av verksemda i Stord kommune og verksemda i kommunen sine selskap og av Stord kommune sin eigarskap i selskap.
2. Vidare ber kontrollutvalet Deloitte AS utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028.
3. Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i første møte i kontrollutvalet 2024 og at prosessmøte 2 skal gjennomførast i kontrollutvalet i april 2024.
4. Det er vidare ei målsetting at forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for 2024 – 2028 skal leggast fram for kommunestyret i juni 2024.

Denne saka gjeld forslag til plan for forvaltningsrevisjon, jf. første del av punkt 2 i vedtaket over. Prosessarbeidet med plan for forvaltningsrevisjon har vorte utført parallelt med arbeidet med plan for eigarskapskontroll.

Vidare går det fram av punkt 3 i vedtaket over at det var tenkt at prosessmøte 2 skulle gjennomførast i møte i kontrollutvalet i april 2024. Det viste seg at Deloitte sitt kartleggingsarbeid ikkje vart ferdig tidsnok til at det let seg gjera. Det inneber at prosessmøte 2 vert gjennomført i dette møtet i staden. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon som ligg ved som vedlegg 2 til denne saka skal også gjennomgåast av kontrollutvalet i dette møtet og tilrådde prosjekt skal endeleg

prioriterast. Deloitte vil redigere planen ut frå det som kjem fram i møtet og endeleg versjon av planen vert lagt ved saka som går vidare til kommunestyret som fattar endeleg vedtak.

Deloitte har i sitt arbeid med risiko- og vesentlegvurdering (ROV) m.a. gjennomført møte med kontrollutvalet, dokumentgjennomgang, analyse av statistikk, gjennomgang av selskapsopplysningar i bedriftsdatabase, intervju og elektronisk spørjeundersøking til administrative leiarar og heile kommunestyret. Det er gjennomført intervju med både politiske og administrative leiarar i kommunen.

Det er difor gjort eit godt grunnlagsarbeid, i tråd med bestillinga frå kontrollutvalet, for utarbeiding av risiko- og vesentlegvurdering som ligg til grunn for forslag til plan for forvaltningsrevisjon.

Det er vidare gjennomført prosessmøte 1 med kontrollutvalet i møte 07.03.24. Her vart det sett fokus på risikoar innanfor kommunen sine ansvarsområde og knytt til selskapa der kommunen har eigarinteresser.

Analysegrunnlag for plan for forvaltningsrevisjon vert lagt fram i kontrollutvalet i dette møtet som vedlegg 1. Utkast til risiko- og vesentlegvurdering er meint som underlagsmateriale i samband med utveljing av forvaltningsrevisjonsprosjekt i Stord kommune, og skal i første rekke vera eit arbeidsdokument for kontrollutvalet. Deloitte opplyser at datagrunnlaget i avgrensa grad er verifisert og dei difor tek atterhald om at ikkje all informasjon som kjem fram er verifisert av leiinga i kommunen.

Dokumentet inneheld også analysegrunnlag som ligg til grunn for plan for eigarskapskontroll som skal handsamast i anna sak i dette møtet.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å starte opp og gjennomføra planprosessen, blant anna gjennom vedtak i denne saka.

Når utkast til plan for forvaltningsrevisjon 2024 - 2028 føreligg, etter gjennomført prosess, skal kontrollutvalet innstille til kommunestyret, som vedtek plan for forvaltningsrevisjon, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

Det går fram at denne planen gjeld i perioden 2024 – 2028. Planen skal utarbeidast innan året etter kommunevalet. Neste kommuneval er i 2027, medan ferdigstilling av plan for forvaltningsrevisjon for neste periode truleg skjer i 2028, med nasjonal frist ved utgangen av 2028.

Ved utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon er det viktig å fokusera på risiko- og vesentlegvurderingar. I dette ligg det at det skal verta gjort ei vurdering av på kva område av kommunen si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap det er risiko for vesentlege avvik i høve dei vedtak, føresetnader og mål som er sett for verksemda.

Gjennom arbeid med risiko- og vesentlegvurderingar har ein vore innom ei rekke område som kan vera aktuelle for framtidige forvaltningsrevisjonar. Det er gjort forslag om å sette opp ei prioritert gruppe for nokre av områda i prioritert rekkefølge. Dei resterande områda vert sett opp i ei uprioritert gruppe.

Av praktiske omsyn vert det tilrådd at det vert delegert til kontrollutvalet å gjera endringar i planen, definera og avgrensa prosjekt, slik kommunelova opnar for. Dette m.a. for å kunna ta omsyn til ny aktualitet, utan å gå vegen om ein ny planprosess. Vidare bør det bli gjennomført minst ei evaluering av planen, normalt midt i planperioden, for å få vurdert om det har skjedd endringar i risikobiletet som gjer at planen bør endrast.

Kontrollutvalet pleier å senda forvaltningsrevisjonsrapportar over til kommunestyret for endeleg

handsaming, etter kvart som innstilling føreligg frå utvalet. Dessutan vert kontrollutvalet si årsmelding rekna som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til kommunestyret. Sekretariatet skriv utkast til årsmelding på utvalet sine vegne, og vil som grunnlagsarbeid stilla spørsmål til administrasjonen om oppfølging av kommunen sine vedtak i samband med forvaltningsrevisjonsrapportar. Sekretariatet tilrår at denne oppfølginga skjer frå sekretariatet si side, og at det kan vera eit samspel med revisjonen der dette vert funne føremålstenleg. Det vert og synt til kommunelova § 23-7 der det m.a. står dette:

«Sekretariatet skal påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet, og at utvalgets vedtak blir iverksatt.»

Konklusjon

Sekretariatet meiner at utkast til plan for forvaltningsrevisjon 2024 – 2028 som ligg føre, er eigna for at ein no kan invitera kontrollutvalet til å gjera endeleg prioritering av prosjekt i planen. Kontrollutvalet står fritt til å gjera endringar innafor forslag til plan, ein kan endra på rekkjefølgje når det gjeld prioriteringar, trekka frå eller leggja til prosjekt i planen. Etter at kontrollutvalet har gjort sine prioriteringar skal planen leggjast fram for kommunestyret for endeleg avgjerd.



Stord kommune

Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2028

Mai 2024

UTKAST

Innhold

1.	Innleiing	4
1.1	Krav til forvaltningsrevisjon	4
1.2	Krav til plan for forvaltningsrevisjon	4
1.3	Krav til risiko- og vesentlegvurdering	4
2.	Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2024-2028	5
2.1	Gruppe 1 – prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt	5
2.2	Gruppe 2 – uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt	5
3.	Gjennomføring av forvaltningsrevisjon	6
3.1	Standard og innsynsrett	6
3.2	Metode	6
3.3	Gjennomføring og rapportering	6

1. Innleiing

1.1 Krav til forvaltningsrevisjon

Kommunelova § 23-2 bokstav c) pålegg kontrollutvalet å sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon av kommunen sin verksemd og av selskap kommunen har eigarinteresser i. Same lov § 23-3 definerer forvaltningsrevisjon som å gjennomføre systematiske vurderingar av:

- økonomi,
- produktivitet,
- regeletterleving,
- målinnfriing og
- verknader ut frå kommunestyret sine vedtak.

1.2 Krav til plan for forvaltningsrevisjon

Kommunelova § 23-3 andre ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for forvaltningsrevisjon:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner.

I følgje kommunelova § 23-3 femte ledd er det kommunestyret som vedtek plan for forvaltningsrevisjon. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen:

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

1.3 Krav til risiko- og vesentlegvurdering

Kommunelova § 23-3 andre ledd stiller krav om at planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering:

Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper.

På oppdrag frå kontrollutvalet har Deloitte gjennomført ei slik risiko- og vesentlegvurdering i Stord kommune. Føremålet har vore å skaffe relevant informasjon om verksemda i kommunen og i selskapa der kommunen har eigarinteresser, slik at det var mogleg for kontrollutvalet å prioritere mellom ulike område og ulike selskap der det kan vere aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon.

Risiko- og vesentlegvurderinga av kommunen si verksemd har teke utgangspunkt i risiko for manglar eller avvik knytt til produktivitet, målinnfriing, regeletterleving, vedtaksoppfølging, internkontroll og/eller effektivitet. Risiko- og vesentlegvurderinga av kommunen sine eigarskap i selskap har teke utgangspunkt i risiko for at selskapa ikkje driv i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, eller at dei ikkje driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte. I tillegg har det blitt vurdert kor vesentlege selskapa er for kommunen, med utgangspunkt i brukarperspektivet/samfunnsnyttan og dei økonomiske interessene dei representerer for kommunen.

Informasjon som ligg til grunn for risiko- og vesentlegvurderinga, og for utveljing og prioritering av prosjekt, er samla inn gjennom fleire aktivitetar som har involvert både politisk leiing, administrativt leiing og kontrollutvalet. Mellom anna har følgjande aktivitetar blitt gjennomført:

- Dokument- og statistikkanalyse
- Prosessmøte i kontrollutvalet
- Spørjeundersøking til administrative leiarar og folkevalde i kommunestyret
- Intervjuar med øvste administrative og politiske leiing i kommunen (til saman 11 personar)

På bakgrunn av risiko- og vesentlegvurderinga er det utarbeidd forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt, og kontrollutvalet har vurdert dei ulike områda opp mot kvarandre og prioritert dei områda dei meiner det er mest vesentleg å undersøkje.

2. Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2024-2028

Under er forvaltningsrevisjonsprosjekta presentert i prioritert rekkefølge. Forvaltningsrevisjonsprosjekta er delt i to grupper; ei prioritert liste med dei viktigaste prosjekta, samt ei uprioritert liste med prosjekta som er vurdert å ha lågare risiko og mindre vesentlege å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon av. Kor mange prosjekt som vil bli gjennomført i perioden avheng av kontrollutvalet sitt budsjett og omfanget til dei einskilde prosjekta.

Under kvart prioriterte prosjekt er det føreslått relevante tema i samsvar med funna i risiko- og vesentlegvurderinga. Endeleg utforming av problemstillingar og omfang vil bli gjort i samband med bestilling av dei enkeltvise forvaltningsrevisjonsprosjekta.

Forvaltningsrevisjon av selskap kan kombinerast med eigarskapskontroll (sjå plan for eigarskapskontroll 2024-2028).

2.1 Gruppe 1 – prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Tabell 1: Prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Nr.	Prosjekt	Tema
1		

2.2 Gruppe 2 – uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Tabell 2: Uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Prosjekt

Om kommunestyret ber kontrollutvalet gjennomføre ein forvaltningsrevisjon, eller kontrollutvalet gjer risiko- og vesentlegvurderingar som tilseier at andre område bør prioriterast, kan kontrollutvalet avvike frå vedteke plan for forvaltningsrevisjon. Dersom kontrollutvalet finn det føremålstenleg kan plan for forvaltningsrevisjon rullerast i løpet av perioden.

3. Gjennomføring av forvaltningsrevisjon

3.1 Standard og innsynsrett

Revisor skal følge standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) ved gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt.¹

Revisor har rett til å krevje innsyn i alle opplysningar, skildringar og dokument i kommunen som er nødvendige for å utføre sine oppgåver. Innsynsretten gjeld utan hinder av teieplikt. Dette går fram av kommunelova § 24-2 fjerde ledd.

Revisor har også innsynsrett i kommunen sine interkommunale selskap, interkommunale politiske råd, kommunale oppgåvefelleskap, aksjeselskap der det ikkje er innslag av statlege eller private eigarar, samt i verksemder som utfører oppgåver på vegner av kommunen. Dette går fram av kommunelova § 234-6. Innsynsretten i verksemder som utfører oppgåver på vegner av kommune er avgrensa til verksemder som har avtalerettslege forpliktingar ovanfor kommunen. Innsyn og undersøkingar skal berre omfatte det som er nødvendig for å undersøkje om kontrakten er oppfylt.

3.2 Metode

Kva metodar som blir brukt for datainnsamling i dei ulike forvaltningsrevisjonsprosjekta avheng av endelege problemformuleringar i det einkilde prosjekt. Generelt bør det brukast ein kombinasjon av fleire metodar for å sikre tilstrekkeleg bredde i datamaterialet til å kunne utføre heilskapleg analysar og vurderingar. Ei slik metodetriangulering medverkar også til kvalitetssikring ved at ein kan samanlikne funn frå dei ulike tilnærmingane.

Moglege metodar for datainnsamling og -analyse kan vere:

- Dokumentanalyse
- Elektroniske spørjeskjema
- Intervju
- Analyse av statistikk
- Testing av kontrollar og rutinar

Det er sentralt for å kunne gjennomføre vellukka forvaltningsrevisjonsprosjekt at kontrollutvalet saman med revisor avgrensar og definerer prosjekta ved å konkretisere føremål, kva problemstillingar som skal bli undersøkte. Før ein forvaltningsrevisjon blir starta opp, skal kontrollutvalet godkjenne ein prosjektplan som skildrar korleis prosjektet skal gjennomførast.

3.3 Gjennomføring og rapportering

Revisor skal sende oppstartsbrev med informasjon om forvaltningsrevisjonsprosjekt til kommunedirektør før datainnsamlinga tek til. Kommunedirektør skal få høve til å kome med sitt syn på funna i kvar forvaltningsrevisjonsrapport. Uttalen frå kommunedirektør skal leggjast ved rapporten som blir sendt til kontrollutvalet. Etter at kontrollutvalet har handsama rapporten blir det utarbeidd ei innstilling som blir oversendt kommunestyret saman med rapporten. Det er kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at kommunestyret sine vedtak knytt til handsaminga av rapportar om forvaltningsrevisjon blir følgt opp.

¹ Sjå <https://www.nkrf.no/publikasjoner>



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 312,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2024 Deloitte AS



Saksframlegg

Saksnr: 2023/475-5
Saksbehandlar:Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	19/24	15.05.2024

Plan for eigarskapskontroll i Stord kommune for perioden 2024 - 2028

Forslag til innstilling

1. Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 for Stord kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2028.
3. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal innstilla om rapport etter eigarskapskontrollar til kommunestyret etter kvart.

Samandrag

Føremålet med denne saka er å leggja fram sak om plan for eigarskapskontroll for Stord kommune for perioden 2024 – 2028. Planen skal vidare til kommunestyret til endeleg avgjerd.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Utkast plan for eigarskapskontroll i Stord kommune 2024-2028.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunelova § 23-4 Eigarskapskontroll lyd slik:

«Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Det er verdt å merka seg at det i den nye kommunelova er lagt opp til at forvaltningsrevisjon av verksemda i kommunen sine selskap no skal inngå som ein del av plan for forvaltningsrevisjon, jf. anna sak til dette møtet. I gammal kommunelov var dette ein del av det som den gong heitte plan for selskapskontroll. Etter ny kommunelov heiter denne planen plan for eigarskapskontroll og den planen skal omfatte kommunen si oppfølging av selskapa som eigar (eigaroppfølging).

Dette inneber at kontrollutvalet innan utgangen av 2024 må syta for:

- å utarbeida ein plan for gjennomføring av eigarskapskontroll i perioden 2024 – 2028.
- å gjennomføra ein risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av kommunen sin eigarskap i selskap som planen skal baserast på.
- at planen vert vedteken av kommunestyret som kan delegera til kontrollutvalet å føreta endringar i planperioden.

Kontrollutvalget gjorde slikt vedtak i sak PS 39/23, 06.12.2023:

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderingar (ROV) av verksemda i Stord kommune og verksemda i kommunen sine selskap og av Stord kommune sin eigarskap i selskap.
2. Vidare ber kontrollutvalet Deloitte AS utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028.
3. Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i første møte i kontrollutvalet 2024 og at prosessmøte 2 skal gjennomførast i kontrollutvalet i april 2024.
4. Det er vidare ei målsetting at forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for 2024 – 2028 skal leggest fram for kommunestyret i juni 2024.

Denne saka gjeld forslag til plan for eigarskapskontroll, jf. andre del av punkt 2 i vedtaket over. Prosessarbeidet med plan for eigarskapskontroll har vorte utført parallelt med arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon.

Vidare går det fram av punkt 3 i vedtaket over at det var tenkt at prosessmøte 2 skulle gjennomførast i møte i kontrollutvalet i april 2024. Det viste seg at Deloitte sitt kartleggingsarbeid ikkje vart ferdig tidnok til at det let seg gjera. Det inneber at prosessmøte 2 vert gjennomført i dette møtet i staden. Forslag til plan for eigarskapskontroll som ligg ved som vedlegg til denne saka skal også gjennomgåast av kontrollutvalet i dette møtet og tilrådde prosjekt skal endeleg

prioriterast. Deloitte vil redigere planen ut frå det som kjem fram i møtet og endeleg versjon av planen vert lagt ved saka som går vidare til kommunestyret som fattar endeleg vedtak.

Deloitte har i sitt arbeid med risiko- og vesentlegvurdering (ROV) m.a. gjennomført møte med kontrollutvalet, dokumentgjennomgang, analyse av statistikk, gjennomgang av selskapsopplysningar i bedriftsdatabase, intervju og elektronisk spørjeundersøking til administrative leiarar og heile kommunestyret. Det er gjennomført intervju med både politiske og administrative leiarar i kommunen.

Det er vidare gjennomført prosessmøte 1 med kontrollutvalet i møte 07.03.24. Her vart det sett fokus på risikoar innanfor kommunen si eigaroppfølging av selskapa der kommunen har eigarinteresser.

Analysegrunnlag for plan for eigarskapskontroll vert lagt fram i kontrollutvalet i dette møtet. Utkast til risiko- og vesentlegvurdering er meint som underlagsmateriale i samband med utveljing av eigarskapskontrollar i Stord kommune, og skal i første rekke vera eit arbeidsdokument for kontrollutvalet. Deloitte opplyser at datagrunnlaget i avgrensa grad er verifisert og dei tek difor atterhald om at ikkje all informasjon som kjem fram er verifisert av leiinga i kommunen.

Dokumentet inneheld også analysegrunnlag som ligg til grunn for plan for forvaltningsrevisjon som skal handsamast i anna sak i dette møtet.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å starte opp og gjennomføra planprosessen, blant anna gjennom vedtak i denne saka.

Når utkast til plan for eigarskapskontroll 2024 - 2028 føreligg, etter gjennomført prosess, skal kontrollutvalet innstille til kommunestyret, som vedtek plan for eigarskapskontroll, jf. kommunelova § 23-4.

Vurderingar og verknader

Kommunelova § 23-2 bokstav d) pålegg kontrollutvalet å sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser i selskap (eigarskapskontroll). Same lov § 23-4 første ledd definerer eigarskapskontroll som å kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lovar og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

Det går fram at vedlagte forslag til plan for eigarskapskontroll skal gjelda i perioden 2024 – 2028. Planen skal utarbeidast innan året etter kommunevalet. Neste kommuneval er i 2027, medan ferdigstilling av plan for eigarskapskontroll for neste periode truleg skjer i 2028, med nasjonal frist ved utgangen av 2028.

Ved utarbeiding av plan for eigarskapskontroll er det viktig å fokusera på risiko- og vesentlegvurderingar. I dette ligg det at det skal verta gjort ei vurdering av forvaltninga av eigarinteressene og utøvinga av eigarinteressene. Vidare ei vurdering av kor det kan vera størst risiko for vesentlege avvik i høve lovar og forskrifter, kommunen sine vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

I dokumentet «Risiko og vesentlegvurderingar Stord kommune» som ligg ved sak om Plan for forvaltningsrevisjon til dette møtet (evnt. sendt ut som eige dokument) er det lagt inn oversikt over kommunen sin eigarskap i selskap på side 9 - 10. Oversikta er basert på informasjon frå kommunen og relevante elektroniske kjelder. Eigarskapskontroll kan gjennomførast som eigne prosjekt der tema er kommunen si eigarskapsforvaltning av eit eller fleire selskap, eller gjennomførast i samband med ein forvaltningsrevisjon av selskap (sjå plan for forvaltningsrevisjon 2024-2028).

Gjennom arbeid med risiko- og vesentlegvurderingar har ein vore innom ei rekke område som kan vera aktuelle for framtidige eigarskapskontrollar. Det er gjort forslag om å sette opp ei prioritert

gruppe for nokre av områda i prioritert rekkefølge. Dei resterande områda vert sett opp i ei uprioritert gruppe.


Av praktiske omsyn vert det tilrådd at det vert delegert til kontrollutvalet å gjera endringar i planen, definera og avgrensa prosjekt, slik kommunelova opnar for. Dette m.a. for å kunna ta omsyn til ny aktualitet, utan å gå vegen om ein ny planprosess. Vidare bør det bli gjennomført minst ei evaluering av planen, normalt midt i planperioden, for å få vurdert om det har skjedd endringar i risikobiletet som gjer at planen bør endrast.

Kontrollutvalet vil senda eigarskapskontrollrapportar over til kommunestyret for endeleg handsaming, etter kvart som innstilling føreligg frå utvalet. Dessutan vert kontrollutvalet si årsmelding rekna som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til kommunestyret. Sekretariatet skriv utkast til årsmelding på utvalet sine vegne, og vil som grunnlagsarbeid stilla spørsmål til administrasjonen om oppfølging av kommunestyret sine vedtak i samband med eigarskapskontrollar. Sekretariatet tilrår at denne oppfølginga skjer frå sekretariatet si side, og at det kan vera eit samspel med revisjonen der dette vert funne føremålstenleg. Det vert og synt til kommunelova § 23-7 der det m.a. står dette:

«Sekretariatet skal påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet, og at utvalgets vedtak blir iverksatt.»

Konklusjon

Sekretariatet meiner at utkast til plan for eigarskapskontroll 2024 – 2028 som ligg føre, er eigna for at ein no kan invitera kontrollutvalet til å gjera endeleg prioritering av prosjekt i planen. Kontrollutvalet står fritt til å gjera endringar innafor forslag til plan, ein kan endra på rekkjefølgje når det gjeld prioriteringar, trekka frå eller leggja til prosjekt i planen. Etter at kontrollutvalet har gjort sine prioriteringar skal planen leggjast fram for kommunestyret for endeleg avgjerd.



Stord kommune

Plan for eigarskapskontroll 2024-2028

Mai 2024

Innhold

1.	Innleiing	4
1.1	Krav til eigarskapskontroll	4
1.2	Krav til plan for eigarskapskontroll	4
1.3	Krav til risiko- og vesentlegvurdering	4
2.	Eigarskapskontrollar 2024-2028	5
2.1	Eigarskapskontrollprosjekt	5
3.	Gjennomføring av eigarskapskontroll	6
3.1	Standard og innsynsrett	6
3.2	Metode	6
3.3	Gjennomføring og rapportering	6

1. Innleiing

1.1 Krav til eigarskapskontroll

Kommunelova § 23-2 bokstav d) pålegg kontrollutvalet å sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser i selskap (eigarskapskontroll). Same lov § 23-4 først ledd definerer eigarskapskontroll som å kontrollere om den som utøvar kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lovar og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

1.2 Krav til plan for eigarskapskontroll

Kommunelova § 23-4 andre ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for eigarskapskontroll:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres.

I følgje kommunelova § 23-4 femte ledd er det kommunestyret som vedtek plan for eigarskapskontroll, men kommunestyret kan delegerere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen:

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

1.3 Krav til risiko- og vesentlegvurdering

Kommunelova § 23-4 andre ledd stiller krav om at planen for eigarskapskontroll skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering:

Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

På oppdrag frå kontrollutvalet har Deloitte gjennomført ei slik risiko- og vesentlegvurdering i Stord kommune. Føremålet har vore å skaffe relevant informasjon om eigarskapsforvaltninga i kommunen, slik at det var mogleg for kontrollutvalet å prioritere mellom ulike område og/eller selskap det kan vere aktuelt å gjennomføre eigarskapskontroll av.

Risiko- og vesentlegvurderinga skal avdekkje indikasjonar på avvik eller sårbare område sett opp mot at kommunen utøver tilstrekkeleg kontroll med selskapa i samsvar med etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing. Vurderinga er gjort både overordna og for det enkelte selskap der kommunen har eigarinteresser.

Informasjonsgrunnlaget som ligg til grunn for risiko- og vesentlegvurderinga og for utveljing og prioritering av prosjekt, er samla inn gjennom fleire aktivitetar som har involvert både politisk leiing, administrativ leiing og kontrollutvalet. Mellom anna har følgjande aktivitetar blitt gjennomført:

- Dokument- og statistikkanalyse
- Prosessmøte i kontrollutvalet
- Spørjeundersøking til administrative leiarar og folkevalde i kommunestyret
- Intervjuar med øvste administrative og politiske leiing i kommunen.

Informasjon som blei samla inn gjennom desse aktivitetane har gitt ei god oversikt over risikoområda innanfor kommunen si overordna eigarstyring, og for det enkelte selskap kommunen har eigarinteresser i. Informasjonen er samla i eit analysedokument som låg til grunn for utveljing og prioritering av eigarskapskontrollprosjekt.

2. Eigarskapskontrollar 2024-2028

Under er eigarskapskontrollprosjekta presentert i prioritert rekkefølge. Kor mange prosjekt som vil bli gjennomført i perioden avheng av kontrollutvalet sitt budsjett og omfanget til dei einskilde prosjekta.

Under kvart prioriterte prosjekt er det føreslått relevante tema i samsvar med funna i risiko- og vesentlegvurderinga. Endeleg utforming av problemstillingar og timeomfang vil bli gjort i samband med bestilling av dei enkeltvise eigarskapskontrollprosjekta.

Eigarskapskontroll kan gjennomførast som eigne prosjekt der tema er kommunen si eigarskapsforvaltning av eit eller fleire selskap, eller gjennomførast i samband med ein forvaltningsrevisjon av selskap der også drifta i selskapet er omfatta av kontrollen (sjå plan for forvaltningsrevisjon 2024-2028).

2.1 Eigarskapskontrollprosjekt

Tabell 1: Prioriterte eigarskapskontrollrevisjonsprosjekt

Nr.	Prosjekt	Tema

Om kommunestyret ber kontrollutvalet gjennomføre ein eigarskapskontroll, eller kontrollutvalet gjer risiko- og vesentlegvurderingar som tilseier at andre eigarskapskontrollar bør prioriterast, kan kontrollutvalet avvike frå vedteke plan for eigarskapskontroll. Dersom kontrollutvalet finn det hensiktsmessig kan plan for eigarskapskontroll rullerast i løpet av perioden.

3. Gjennomføring av eigarskapskontroll

3.1 Standard og innsynsrett

Revisor skal følge standard for eierskapskontroll (RSK 002) ved gjennomføring av eierskapskontroller.¹

Revisor har rett til å krevje innsyn i alle opplysningar, skildringar og dokument i kommunen som er nødvendige for å utføre sine oppgåver. Innsynsretten gjeld utan hinder av teieplikt. Dette går fram av kommunelova § 24-2 fjerde ledd.

Revisor har også innsynsrett i kommunen sine interkommunale selskap, interkommunale politiske råd, kommunale oppgåvefelleskap, aksjeselskap der det ikkje er innslag av statlege eller private eigarar, samt i verksemder som utfører oppgåver på vegner av kommunen. Dette går fram av kommunelova § 234-6.

3.2 Metode

Kva metodar som blir brukt for datainnsamling i dei ulike eigarskapskontrollane avheng av endelege problemformuleringar i det einskilde prosjekt. Generelt bør det brukast ein kombinasjon av fleire metodar for å sikre tilstrekkeleg breidde i datamaterialet til å kunne utføre heilskapleg analysar og vurderingar. Ei slik metodetriangulering medverkar også til kvalitetssikring ved at ein kan samanlikne funn frå dei ulike tilnærmingane.

Moglege metodar for datainnsamling og -analyse kan vere:

- Dokumentanalyse
- Elektroniske spørjeskjema
- Intervju
- Analyse av statistikk
- Testing av kontrollar og rutinar

Det er sentralt for å kunne gjennomføre vellukka eigarskapskontrollar at kontrollutvalet saman med revisor avgrensar og definerer prosjekta ved å konkretisere føremål og kva problemstillingar som skal bli undersøkte. Før ein eigarskapskontroll blir starta opp, skal kontrollutvalet godkjenne ein prosjektplan som skildrar korleis prosjektet skal gjennomførast.

3.3 Gjennomføring og rapportering

Revisor skal sende oppstartsbrev med informasjon om eigarskapskontrollen til den som utøver kommunens eigarfunksjon og til det aktuelle selskapet/de aktuelle selskapa før datainnsamlinga. Den som utøver kommunens eigarfunksjon og det aktuelle selskapet/de aktuelle selskapa skal få høve til å kome med sitt syn på funna i eigarskapskontrollen. Uttalen skal leggjast ved rapporten som blir sendt til kontrollutvalet. Etter at kontrollutvalet har handsama rapporten blir det utarbeidd ei innstilling som blir oversendt kommunestyret saman med rapporten.

¹ <https://www.nkrf.no/publikasjoner>



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 312,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2024 Deloitte AS



Saksframlegg

Saksnr: 2023/391-13
Saksbehandlar: Stian Skår Ludvigsen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	20/24	15.05.2024

Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll innan
2. Vedtaket vert gjort med atterhald om at plan for vert vedteken av kommunestyret 30.05.2024, alternativt 17.06.2024.
3. Revisor vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringane utvalet har gitt, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt. Dersom kommunestyret vel eit anna prosjekt som nr. 1, er det ønskjeleg at revisor lagar forslag til prosjektplan for dette i staden.
4. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 03.09.2024
5. Prosjektplanen skal behandlast i møte i kontrollutvalet 24.09.2024.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal ta stilling til kva område neste forvaltningsrevisjon skal gjennomførast innan eller om kontrollutvalet skal bestille ein eigarskapskontroll.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Stian Skår Ludvigsen
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Plan for forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet vedtok rullert plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2024 i sak PS 7/23 i møte 14.02.2023. Av planen går det fram at i prioritert gruppe er desse 5 prosjekta sett opp i prioritert rekkefølge:

1. Effektivitet og kvalitet innan heimebaserte tenester
2. Økonomisk berekraft
3. Oppfølging av arbeidsmiljølova
4. Handtering av endra rammevilkår (somatikk og/eller psykiatri for vaksne)
5. Manglande kompetanse (innan helse og/eller prosjektleiing (bygg, vatn og avlaup))

Det er ikkje gjennomført forvaltningsrevisjonar hittil på bakgrunn av den reviderte planen.

Plan for eigarskapskontroll

Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020-2024 vart vedteken i kommunestyret i 2020 og kontrollutvalet vedtok i sak PS 40/22 i møte 01.12.2022 at plan for eigarskapskontroll står fast. Den vedteke planen inneheld desse 3 prosjekta i prioritert rekkefølge:

1. Generell eigarstyring
2. Sunnhordland interkommunale legevakt IKS
3. Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS

Prosjekt nr. 1 blei bestilt i sak PS 8/23, er ferdig, og sendt til kommunestyret for vedtak i kommunestyremøte 30.05.2024.

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel kommunestyret som har avgjersle mynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre jf. kommunelova §§ 23-3 og 23-4.

Vurderingar og verknader

Det er no tid for å bestille ein ny forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll. Kontrollutvalet skal for det første velje det nye prosjektet for gjennomføring av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll.

Sidan kontrollutvalet i dette møtet skal vedta innstilling til kommunestyret for plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024-2028 kan det vera aktuelt å velje prosjekt ut frå desse. Om utvalet vel å gjera dette bør det takast atterhald i vedtaket om at kommunestyret vedtek planen. Dersom kommunestyret vel eit anna prosjekt som nr. 1, er det å tilrå at revisor lagar forslag til prosjektplan for dette i staden.

Det er mykje som talar for at utvalet bør velje prosjekt frå ein av dei nye planane. Dette m.a. av di desse planane baserer seg på nyleg gjennomførte risiko- og vesentlegvurderingar. Gjeldande planar baserer seg på risiko- og vesentlegvurderingar som vart gjort hausten 2022. Risikobiletet kan ha endra seg noko sidan den gong og prosjekta i desse planane kan difor vera mindre tidsaktuelle.

Det kan likevel vera aktuelt å velja prosjekt ut frå gjeldande planar (2020-2024). Det vil i tilfelle vera naturleg at utvalet vel det første ikkje-starta prosjektet i ein av dei gjeldande planane.

I dette arbeidet kan utvalet dra veksler på omtalen av dei neste prosjekta, slik det kjem fram i dei gjeldande planane for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, jf. oppstilling nedanfor.

Gjeldande plan for forvaltningsrevisjon:

Nr.	Prosjekt	Aktuelle tema
1	Effektivitet og kvalitet innan heimebaserte tenester	<ul style="list-style-type: none"> • Dimensjonering av tenester • Kvalitet og kompetanse • Tilstreккеleg tilbod
2	Økonomisk berekraft	<ul style="list-style-type: none"> • Risikovurderingar • Rutinar og system • Økonomistyring
3	Oppfølging av arbeidsmiljølova	<ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar • Sjukefråværsoppfølging • Etterleving av regelverk
4	Handtering av endra rammevilkår (somatikk og/eller psykiatri for vaksne)	<ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar • Samarbeid med spesialisthelsetenesta • Tilstreккеleg tilbod
5	Manglande kompetanse (innan helse og/eller prosjektleiing (bygg, vatn og avlaup))	<ul style="list-style-type: none"> • Rekruttering • Omstilling av tenester • Kompetansetilbod og opplæring • Heiltidskultur • System og rutinar

Gjeldande plan for eigarskapskontroll:

Nr.	Prosjekt	Aktuelle tema
2	Sunnhordland interkommunale legevakt IKS	<ul style="list-style-type: none"> • Korleis kommunen følgjer opp eigarskapet, irekna kommunen sine rutinar for å handsame saker angående selskapet • Korleis kommunen følgjer opp selskapet • Val av selskapsform og organisering av selskapet
3	Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS	

Prosjektet som vert vald vil kunne starte opp hausten 2024 med ferdigstilling i første halvår 2025. Då vil kostnadene kunne fordelast over to budsjettår. Det vil ikkje vera budsjettmessig dekning for å sette i gang eit prosjekt frå kvar av planane.

Når utvalet har bestemt kva prosjekt dei vil bestille, bør dei definere og avgrense prosjektet nærare, t.d. ved å formulere problemstillingar/moment som ein vil at revisor skal finne svar på.

Konklusjon

Det vert invitert til val av prosjekt i møtet, samt drøfting knytt til definering og avgrensing av prosjektet.

Det vert tilrådd at kontrollutvalet vel prosjekt ut frå innstilling til kommunestyret for plan for forvaltningsrevisjon eller plan for eigarskapskontroll for perioden 2024-2028. Det bør takast atterhald i vedtaket om at kommunestyret vedtek aktuell plan i møte 30.05.2024, alternativt 17.06.2024. Dersom kommunestyret vel eit anna prosjekt som nr. 1, er det å tilrå at revisor lagar forslag til prosjektplan for dette i staden.

Sekretariatet tilrår vidare at kontrollutvalet ber revisor utarbeide forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gitt, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.

Det vert også tilrådd at forslag til prosjektplan skal leverast sekretariatet innan 03.09.2024 slik at den kan leggjast fram for kontrollutvalet til godkjenning i møte 24.09.2024.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/201-36
Saksbehandlar: Stian Skår Ludvigsen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	21/24	15.05.2024

Forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge, oppfølging

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar tilbakemeldinga frå kommunedirektør når det gjeld forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge i Stord kommune til orientering.
2. Kontrollutvalet er av den oppfatning at kommunedirektør har gjort god nytte av forvaltningsrevisjonen, og at forslag til tiltak følgjast godt opp.
3. Kontrollutvalet er trygg på at den vidare oppfølginga av forvaltningsrevisjonen skjer utan at utvalet i nær framtid treng fleire orienteringar om saka.

Samandrag

Denne saka er kontrollutvalet si tredje oppfølging av vedtak gjort i kommunestyret 21.06.2022, av forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge i Stord kommune. Sekretariatet vurderer at ytterlegare oppfølging p.t. ikkje er naudsynt.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Stian Skår Ludvigsen
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge, oppfølging.pdf
- 2 Status forvaltningsrevisjon førebyggjande.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret i Stord kommune handsama forvaltningsrevisjonsrapport om førebyggjande arbeid for barn og unge i møte 21.06.2022, sak PS 26/22 og gjorde slikt samrøystes vedtak:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport om førebyggjande arbeid for barn og unge i Stord kommune, ber kommunestyret rådmannen om å:

1. Etablere ei overordna oversikt over mål og planar innan førebyggjande arbeid retta mot barn og unge, og sikre tilstrekkeleg operasjonalisering av måla som er sett for tenestene på området.
2. Sikre tydeleggjering av oppgåver, rollar og ansvar innan førebyggjande arbeid retta mot barn og unge. Under dette:
 - a) Tydeleggjere oppgåver og ansvar i dei tilfella der fleire tenester har overlappende ansvar og det dermed er risiko for at oppfølginga kan glempe.
 - b) Tydeleggjere rollar og ansvar knytt til bruk av stafettloggen.
3. Sikre at alle tilsette er tilstrekkeleg kjend med
 - a) kva som ligg til ansvar og oppgåver som koordinator for arbeid med individuell plan.
 - b) rutinar og verktøy som er etablert for å sikre kartlegging og oppfølging av barn med behov for oppfølging.
4. Etablere rutinar som sikrar at tenester etterspør samtykke frå foreldre om overføring av informasjon til relevante instansar, i tilfelle der familiar med utsette barn skal flytte frå kommunen.
5. Leggje til rette for at fleire tilsette i kommunen har god kunnskap om BTI-modellen og dermed til dømes kan gjennomføre opplæring i BTI-metodikken for andre tilsette.
6. Sikre at det blir etablert klare samarbeidsstrukturar og tilstrekkeleg tverrsektorielle møteplassar mellom sentrale tenester i OKU og RHO som jobbar opp mot barn og familiar i kommunen.
7. Etablere rutinar for å melde avvik knytt til samhandlinga mellom tenestene i det førebyggjande arbeidet retta mot barn og unge, og rutinar for å følgje opp slike avvik.
8. Lage en prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.11.2022 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Handlingsplan i tråd med punkt 8 låg føre til kontrollutvalet sitt møte 01.12.2022.

Til kontrollutvalet sitt møte 20.09.2023 låg det føre skriftleg status for vidare oppfølging av handlingsplanen. Sekretariatet vurderte at rapporteringa til møtet var god, og at oppfølging innan fleire punkt var ferdigstilt. Sekretariatet meinte det ville vere av interesse for kontrollutvalet å få ein ny status i møte i april 2024. Til det møtet blei det td. foreslått slik informasjon:

- Arbeid med implementering og forståing av nye rutinar / køyrereglar.
- Om kommunedelplan for oppvekst har vore til handsaming i kommunestyret
- Om superbrukarnettverk er etablert
- Om forprosjekt for 2024 på organisering av tenester for barn, unge og deira familiar

Kontrollutvalet slutta seg til dette, og vedtok følgjande:

1. Kontrollutvalet tar tilbakemeldinga frå fungerande rådmann når det gjeld forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge i Stord kommune til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om å få tilsendt ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til andre møte i utvalet, våren 2024.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 18.03.2024.

Punkt 3 blei opphavleg vedteke med feil årstal, dette blei retta i påskrift frå sekretariatet.

Sekretariatet fekk ikkje tilbakemeldinga til tida, og sendte påminning om saka 21.03.2024. Sekretariatet fekk tilbakemeldinga først 18.04.2024. Kommunalsjef for området beklagar dette, men gjer ikkje greie for forseinkinga.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

Frå saksframlegg til kontrollutvalet sitt møte 01.12.2022 var mellom anna dette med:

På bakgrunn av vedtaket over er tilbakemelding motteke i sekretariatet 21.11.2022.

Her er det teke utgangspunkt i kommunestyret sitt vedtak, punkt 1-7.

- Operasjonalisering av dei 7 punkta er å finna i 18 definerte tiltak.
- Av desse er 16 tiltak planlagt ferdigstilt til ulike tider i 2023.
- Innsats for dei to siste punkta vert definert som kontinuerleg arbeid.
- Arbeid med ein del av tiltaka har starta opp i 2022.
- Det er ikkje nokre av dei nemnte tiltaka som er ferdigstilt i 2022.

Kommunestyret forsterka kontrollutvalet si innstilling på to område med at «vurdere å» vart teke bort i pkt. 4 og 5. Uansett formulering, så ber oppfølgingsdokumentet tydeleg preg av at administrasjonen har klare tankar om å få til ei god oppfølging til beste for barn og unge i Stord kommune innafor alle dei nemnte oppfølgingspunkta i kommunestyrevedtaket.

Oppfølgingsdokumentet inneheld diverse informasjon som synleggjer statleg og kommunalt arbeid med innretning på å styrka tenestetilbodet overfor barn og unge. Det blei lagt ved tre interessante vedlegg på saksfeltet:

1. Handbok for koordinator i Stord kommune
2. Eg er blitt koordinator – kva gjer eg?
3. Korleis startar eg opp koordinatorarbeid og individuell plan.

På kontrollutvalet sitt møte 01.12.22, møtte sakshandsamar Birthe Blokhus for å kunna gje munnleg orientering. Ho er einingsleiar for førebyggjande tenester.

På bakgrunn av det som er meldt attende om innsats framover, blei kontrollutvalet oppfordra om å be om å få ny status for oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen til første møte i utvalet, hausten 2023.

Vurderingar før kontrollutvalet sitt møte 20.09.2023.

Frist for skriftleg tilbakemelding var 10.08.23. Vedlegg i saka er datert 08.08.2023, men vart først motteke i sekretariatet 12.09.23, etter påminning 15.08.23 og 12.09.23. Det synt seg at skrivet var gjort klart men ikkje oversendt. Trass i knapp tid for sakshandsaming frå sekretariatet si side, fekk me det med til siste kontrollutvalsmøte i førre valperiode.

Sekretariatet meinte det var tydeleg at det er gjort godt utviklingsarbeid innan saksfeltet sidan førre rapportering. Det er veldig bra innan eit så viktig saksfelt, der kommunen bl.a. skal yta tenester til barn og unge med ulike utfordringar og deira familiar.

Vurderingar før kontrollutvalet sitt møte 15.05.2024.

I saksutgreiinga til førre møte foreslo sekretariatet at tilbakemeldinga som blei bestilt til april 2024 mellom anna inneheldt informasjon om:

- Arbeid med implementering og forståing av nye rutinar / køyrereglar.
- Om kommunedelplan for oppvekst har vore til handsaming i kommunestyret

- Om superbrukarnettverk er etablert
- Om forprosjekt for 2024 på organisering av tenester for barn, unge og deira familiar

Arbeid med implementering og forståing av nye rutinar / køyrereglar

Er under arbeid, og skal arbeidast vidare med i samband med omorganisering av tenestetilbodet til barn og unge. Ferdigstilling oktober 2024.

Om kommunedelplan for oppvekst har vore til handsaming i kommunestyret

Plan for det førebyggjande arbeidet i Stord kommune vert ein del av kommunedelplan for oppvekst. Dette vart lagt fram for utval for oppvekst og kultur 09.04.2024 og sendt på høyring. Ny handsaming i utvalet og vidare i kommunestyret er planlagt hausten 2024.

Om superbrukarnettverk er etablert

Det er etablert eit superbrukarnettverk på Stafettloggen. Einingsleiarane i oppvekst har ansvar for opplæring til sine nytilsette med bistand frå førebyggande tenester om naudsynt.

Om forprosjekt for 2024 på organisering av tenester for barn, unge og deira familiar

Gjennomgang er utført og ein har starta arbeid med omorganisering av tenestetilbod. Revidert plan for ferdigstilling 01.01.2025

Konklusjon

Sekretariatet synest det har funne stad mykje bra oppfølgingsarbeid. Det vert tilrådd at kontrollutvalet tar tilbakemeldinga frå kommunedirektør når det gjeld forvaltningsrevisjon om førebyggande arbeid for barn og unge i Stord kommune til orientering. Sekretariatet er også av den oppfatning at kontrollutvalet kan vere trygg på at den vidare oppfølginga av forvaltningsrevisjonen skjer utan at utvalet i nær framtid treng fleire orienteringar om saka.

Oppvekst- og familiefeltet er framleis eit viktig felt for kommunen, og risiko- og vesentlegheitsvurderinga som er til handsaming i same møte 15.05.2024 kan resultere i ytterlegare revisjonar på området. Det kan òg kome opp andre hendingar eller sakar som gjer det aktuelt å gå inn igjen i feltet. Sjølv om sekretariatet er av den oppfatning at kommunedirektør følgjer forvaltningsrevisjonen om førebyggande arbeid for barn og unge godt opp, vil det vere mogleg for kontrollutvalet å gå inn att i saka på seinare tidspunkt om det skulle bli aktuelt.

Sekretariat for kontrollutvalet

Vår dato: 18.04.2024
Vår ref: 2022/4070
Dykkar ref:

Forvaltningsrevisjon om førebyggende arbeid for barn og unge, oppfølging

Syner til vedtak i Kontrollutvalet 30/23 20.09.2023 Forvaltningsrevisjon om førebyggende arbeid for barn og unge, oppfølging der Kontrollutvalet ber om å få tilsendt ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til andre møte i utvalet, våren 2024 og beklagar at dette ikkje vart gjort innan 18.03.2023. Status for oppfølging av forvaltningsrevisjonen er vedlagt.

Med helsing

Mariann Jacobsen Hilt
Kommunalsjef

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Vedlegg

1 Status forvaltningsrevisjon førebyggende

Kommunedirektøren
Postboks 304
5402 STORD
Org. nr 939 866 914

Telefon:

Oppfølging av forvaltningsrevisjon

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet tinga ein revisjon av det førebyggjande arbeidet i Stord kommune. Føremålet var å undersøkje om Stord kommune har etablert eit systematisk og planmessig førebyggjande arbeid retta mot barn og unge, og om kommunen har ei føremålstenlege organisering av det førebyggjande arbeidet. Vidare å undersøkje om kommunen har etablert eit tilfredsstillande system for å sikra at samarbeid og samordning og mellom ulike kommunale tenester er i samsvar med regelverket.

Deloitte fekk oppdraget og leverte sin rapport i mai 2022. Saka og funna frå revisjonen vart handsama i kontrollutvalet og deretter i kommunestyret i juni 2022.

Basert på det som kom fram i revisjonen vert det tilrådd at Stord kommune skulle setja i verk følgjande tiltak:

1. Etablerer ei overordna oversikt over mål og planar innan førebyggjande arbeid retta mot barn og unge, og sikrar tilstrekkeleg operasjonisering av måla som er sett for tenestene på området.

Kommunen skal utarbeide ein heilskapleg plan for kommunens arbeid med å førebyggje omsorgssvikt og åtfærdsproblem, jf. barneverntenestelova § 3-1, 2.ledd.

Stord kommune arbeider med ein kommunedelplan for oppvekst som skal erstatta dagens Kvalitetsutviklingsplan for oppvekst og kultur. Kommunedelplanen gjeld for alle tenestene innan oppvekst og barnehage og skule. Dette skjer parallelt med at det vert arbeidd med oppvekstreforma der tenestetilbodet til barn, unge og deira familiar inkludert det førebyggjande arbeidet skal spissast og tydeleggjerast.

Planen for det førebyggjande arbeidet skal innehalde fylgjande:

1. Overordna mål og strategiar for det heilskaplege tenestetilbodet. Stord kommune arbeider med kartlegging og oversikt over tenestetilbodet gjennom arbeidet med Oppvekstreformen. Dette vil gi både innbygarane og tenestene ei heilskapleg oversikt over kva tenester Stord kommune har.

2. Oversikt over korleis ansvaret skal fordelast mellom etatane/ einingane:

Helsedirektoratet publiserte 15.9.2022 ein rettleiar med overskrifta, *Samarbeid om tjenester til barn, unge og deres familier*. Rettleiaren er utarbeida av Arbeids- og inkluderingsdirektoratet, Utdanningsdirektoratet, Barne- ungdoms og familiedirektoratet og Helsedirektoratet, syner til endringar som er gjort i ei rekkje lovverk og handlar om plikta velferdstenestene har til å samarbeida på system- og individnivå, kommunen sin samordningsplikt, retten til barnekoordinator og individuell plan. Målet med rettleiaren er å forklara bestemmelsane nærmare, tydeleggjera ansvar og mynde, gje rettleiing og korleis pliktene kan ivaretakast og vea eit praktisk verktøy for implementering av nye eller endra bestemmelsar. Ny kommunedelplan for oppvekst syner korleis ansvaret skal fordelast mellom etatane/ einingane og byggjer på lovverk og andre sentrale føringar, mellom anna *Samarbeid om tjenester til barn, unge og deres familier*.

Kommunedelplanen vart lagt fram i Utval for oppvekst og kultur 09.04.24 og utvalet har no sendt planen på høyring. Dei ulike einingane og tilsette i Stord kommune skal i det vidare og arbeida med ei tydeleggjering av oppgåveløysinga og felles rutinar mellom anna for samarbeide både på individ og systemnivå mellom OKU og RHO.

Skildring av tiltak	Ansvar	Ferdigstilling	Kommentarar/ oppdateringar
Oversikt over tiltak til barn, unge og deira familiar vert arbeidd med.		våren 2023.	Tiltaksoversikt - Stord kommune
<u>Samarbeid om tjenester til barn , unge og deres familier</u> ». Den nye rettleiaren skal handsamast og gjerast kjent for tilsette i OKU og RHO	Kommunalsjef OKU og RHO	2023 og 2024	Dette vert og arbeidd vidare med framover i 2024
Planen for det førebyggjande arbeidet i Stord kommunen vert ein del av Kommunedelplan for oppvekst	Kommunalsjef OKU	2023	Vart lagt fram i Utval for oppvekst og kultur 09.04.24, sendt på høyring med høyringsfrist. Ny er handsaming er planlagt i utvalet og vidare i kommunestyret hausten 2024.

2. Sikrar tydeleggjering av oppgåver, rollar og ansvar innan førebyggjande arbeid retta mot barn og unge. Under dette:

a) Tydeleggjere oppgåver og ansvar i dei tilfella der fleire tenester har overlappende ansvar og det dermed er risiko for at oppfølginga kan glempe.

Tidlegare omtala rettleiar tydeleggjer ansvar og mynde og gir rettleiing ift. dei tilfella der fleire tenester har overlappende ansvar. Samarbeid, knytt til haldningar rolleforståing i slike situasjonar for korleis ein skapar eit lag rundt og for barnet, den unge og familieane deira er samstundes ei kontinuerleg oppgåve. Det er sentralt at ein har høg grad av brukarmedverknad og familien vert sett på som ein ressurs i arbeidet. Gjennom arbeidet med Oppvekstreform, Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis er desse tema viktige faktorar som ein har starta arbeidet med som er vidareført gjennom arbeidet med ny kommunedelplan.

Skildring av tiltak	Ansvar	Ferdigstilling	Kommentarar/ oppdateringar
---------------------	--------	----------------	-------------------------------

Arbeidet med tydeleggjering på roller, ansvar og oppgåver for dei einingar og tilsette som arbeider med barn, unge og deira familiar er planlagt oppstart november 2022, og må arbeidast inn i Stord kommune sine interne samhandlingsrutinar.	Kommunalsjef OKU	Hausten 2023	kontinuerleg.
--	---------------------	--------------	---------------

b) Tydeleggjere rollar og ansvar knytt til bruk av stafettloggen.

Stafettloggen er eit digitalt samhandlingsverktøy og ein samhandlingsarena mellom tenesteytande einingar, barn/unge og deira føresette. Den har sikringsnivå 4, som betyr at ein kan forvalte personopplysningar på korrekt og ein sikker måte.

Ein stafettlogg gir oversikt over kva tiltak som er sett inn for å byggja beskyttelse rundt barn det er knytt uro til. Loggen gir oversikt over tiltak med fristar for oppfølging og evaluering. Evalueringa syner om tiltaket har hatt effekt og kan avsluttast, vidareførast, justerast eller om det er naudsynt med nye tiltak. Dette vert gjort i samarbeid med barnet, den unge og/eller omsorgsgivarane til barnet/ungdommen.

Ansvarsforhold i stafettloggen:

1. Kommuneadministrator i Stafettloggen har ansvar for at systemet er operativt og har samarbeid med leverandør for optimalisering. Ein kan og ta ut overordna tal på stafettloggar, type tiltak og merksemder som er oppgitt og korleis tiltaka er evaluert på eit overordna anonymt nivå.
2. Einingsleiar har ansvar for at alle tilsette i si eining er kjend med BTI og samhandlingsverktøyet som Stafettloggen er. Einingsleiar oppdaterer brukarane i si eining med tilgangar og kan overstyra stafettlogg til eit barn i si eining og overføra til anna tilsett ved til dømes sjukefråvær.
3. Den tilsette som har uro for eit barn skal «utforska» uroen og vurderer om det er naudsynt ,med tiltak ev ta kontakt med ressurspersonar i hjelpetenester og starta ein Stafettlogg etter samtykke frå barnet/den unge og/eller føresette.
4. Dersom det er naudsynt å inviterer inn hjelpetenester i Stafettloggen må ein vurderer kven som skal vera «stafetthaldar» til ei kvar tid ut frå som er mest tenleg for arbeidet ikring og med barnet/ungdommen.
5. Stafetthaldar kan overføra stafettloggen til andre einingar til dømes frå barnehage til skule når det er aktuelt. Dersom barnet flyttar frå kommunen kan den overførast til andre kommunar om aktuell kommune nyttar same system, om ikkje kan heile loggen skrivast ut og sendast ny kommune om det føreligg samtykke frå barnet/ungdommen og deira føresette/omsorgsgivarar.

Skildring av tiltak	Ansvar	Ferdigstilling	Kommentarar/ oppdateringar
Sjå punkt 5	Einingsleiar førebyggjande tenester	Juni 2023	

3. Sikrar at alle tilsette er tilstrekkeleg kjend med

a) kva som ligg til ansvar og oppgåver som koordinator for arbeid med individuell plan.

Stord kommune har laga rutinar og handbok for koordinatorar som skildrar dette, dette ligg i internkontrollsystemet som alle tilsette i Stord kommune har tilgang til . Sjå vedlegg nr 000

Frå 01.08.22 kom det ei lovending som gjer at kommunen har plikt til å oppnamna barnekoordinator etter helse- og omsorgstenestelova §7-2 a Villkår for å få barnekoordinator er at barnet har alvorleg sjukdom,

skade eller nedsett funksjonsevne. Denne plikta gjeld og før fødsel, og er til ungdommen er 18 år og kan utvidast til 25 år. Vidare er det skildra at det må føreligga behov for langvarige og samansette koordinerte helse – og omsorgstenester og andre velferdstenester. Denne ordninga er omtala i

[Samarbeid om tjenester til barn, unge og deres familier - Helsedirektoratet](#)

Skildring av tiltak	Ansvar	Ferdigstilling	Kommentarar/ oppdateringar
Stord kommune arbeider med å implementera dei nye føringane for barnekoordinator og avstemma dei eksisterande rutineane som ligg for koordinator oppimot ny ordning.	Kommunalsjef RHO/OKU	Oktober 2024	Vert arbeidd med, og skal arbeidast vidare med i samband omorganisering av tenestetilbodet til barn og unge

b) Rutinar og verktøy som er etablert for å sikre kartlegging og oppfølging av barn med behov for oppfølging.

Sidan 2012 har Stord kommune vore ein av dei 8 av nøkkelkommunane til då Helsedirektoratet si satsing på betre tverrfagleg innsats(BTI). Satsinga er no overteke av Bufdir. Det er over 150 kommunar i Noreg som nyttar modellen pr i dag.

Gjennom arbeidet med BTI vart det i 2018 laga eit digitalt hjelpeverktøy for korleis ta tak i og arbeida med opplevd uro og kring eit barn.. Dette vert kalla BTI-rettleiar – og dei tilsette kan gå steg for steg med tilhøyrande «verktøykasse» for kvart steg. Verktøya ligg og samla, og skal vera lett tilgjengelege. Sjå sida her: <https://stord.betreinnsats.no/verktoy/>

Det er BTI-modellen som er førande for korleis me arbeider med uro for barn, unge og deira familjar i Stord kommune i dag. Modellen er og førande for korleis ein skal samhandla i einskildsaker. Det vert og arbeid med rutinar som beskriv samhandling og samarbeid på tvers av avdelingar og einingar.

Skildring av tiltak	Ansvar	Ferdigstilling	Kommentarar/ oppdateringar
Fellesdagar for oppvekst, informasjon gir felles ståstad – oppstart november 2022	Kommunalsjef OKU	Kontinuerleg arbeid	Kontinuerleg arbeid
Gi tilsette ansvar for å gjera seg kjent med dei rammene for arbeidet som er førande gjennom opplæring og bruk av dei verktøya som Stord kommune har.	Einingsleiarar oppvekst	Kontinuerleg arbeid	Kurs for dei tilsette i førebygging og avdekking av vald og overgrep, opplæring i lovverk, opplæring til

			tilsette på tema engstelege barn er gjennomført
Kompetanse til å sjå risikoutvikling og kompetanse til å handla ved oppdaging av risikoutvikling	Einingsleiarar oppvekst	Kontinuerleg arbeid	Sjå over

4. Vurderer å etablere rutinar som sikrar at tenester etterspør samtykke frå foreldre om overføring av informasjon til relevante instansar, i tilfelle der familiar med utsette barn skal flytte frå kommunen.

- Det er rutinar for dei sakene der det er lovkrav for barnevernstenesta å senda bekymringsmelding til ny kommune om det føreligg bekymring som gir grunnlag for det. Jf. Lov om barneverntenester §
- Det er rutine å senda helsestasjons- og skulehelsetenesta sin informasjon til ny bustadskommune.

Tiltak	Ansvar	Ferdigstilling	Kommentarar/oppdateringar
Laga rutine som etterspør samtykke til å overføra informasjon til ny kommune på barn og unge det er knytt uro til og/eller har tiltak for retta opp risikoutvikling der ein ser at det er teneleg for barnet/ungdommen si utvikling i dei saker der det ikkje allereie er knytt ein rutine til.	Einingsleiar førebyggjande tenester	Mars 2023	

5. Vurderer å leggje til rette for at fleire tilsette i kommunen har god kunnskap om BTI-modellen og dermed til dømes kan gjennomføre opplæring i BTI-metodikken for andre tilsette.

Fleire i kommunen kjenner godt til BTI-modellen og målsetjinga for den, samstundes ser me at det er behov for at fleire kjenner større eigarskap til modellen og at ein arbeider med å forstå grunnmodellen og kjenner eigarskap til å ha fokus på tidleg innsats og betre tverrfagleg innsats.

Kvar og ein einingsleiar i oppvekst må ha dette i sitt mandat og rolleforståing. Det kan me fordel opprettast superbrukarar i kvar eining, slik at arbeidsfordelinga internt i einingane vert overkommeleg og ansvar fordelt på fleire. Ein vil arbeida vidare med dette i samlingane som oppvekst har saman med kommunalsjef for å sikra gjennomføringa av tiltaket.

Det må fleire frå vaksentenestene som einingane i oppvekst som samarbeider med som må setja seg betre inn i modellen og bruken av den. Dette arbeidet er starta, og ein lærer opp nye som er tilsett i vaksentenestene etter kvart som vaksentenestene ynskjer det.

Skildring av tiltak	Ansvar	Ferdigstilling	Kommentarar/oppdateringar
Kvar einingsleiar som nyttar BTI-modellen om å oppnamna ein superbrukar i kvar eining som skal få grundig opplæring i metodikk og verktøy for vidare implementering og vedlikehald av kompetansen i kvar eining.	Einingsleiar førebyggjande tenester	Juni 2023	Det er etablert eit superbrukar nettverk på Stafettloggen. Einingsleiarane i oppvekst har

			ansvar for opplæring til sine nytilsette med bistand frå førebyggjande tenester om naudsyn.t
--	--	--	--

6. Sikrar at det blir etablert klare samarbeidsstrukturar og tilstrekkeleg tverrsektorielle møteplassar mellom sentrale tenester i OKU og RHO som jobbar opp mot barn og familiar i kommunen.

Viser til svaret under punkt 3b). I tillegg ser ein behov for ei oversikt over dei sentrale føringane, knytt opp til dei kommunale rutineane i Stord kommune. Gjennom kartlegginga som er gjort i arbeidet med oppvekstreforma, vert det gitt tilbakemelding på at dette er eit behov einingar og avdelingar kjenner på. Dette må ein sikra gjennom ein betra samarbeidsstruktur på systemnivå. Einingane og avdelingane som arbeider med barn og unge treng meir kunnskap om kvarandre, om mandat og måtar å løysa ulike utfordringar på. Dette bør skje gjennom etablerte møteplassar og gjennom utveksling av informasjon.

Pr i dag har Stord kommune ulike møteplassar på systemnivå som samlar leiarar og fagfolk frå ulike einingar og avdelingar, til dømes einingsleiar møte/samlingar, samling for leiarar i oppvekst, SLT-koordineringsmøte, folkehelseforum, bustadsosialt forum for å nemna nokon. Desse møta kan ein nytta, i tillegg til det som vert tatt opp pr i dag, til å arbeida meir med kjennskap til og systematisere og informere om det arbeidet Stord kommune gjer oppimot barn, unge og deira familiar.

Laga ein modell for å synleggjera samanhengen mellom det faglege arbeidet og lovkrava, og korleis ein har vagt å løysa det gjennom rutinar for både for det individuelle arbeidet med kvart enkelt barn, men og korleis ein skal samhandla og samarbeide på systemnivå. Me ser at synleggjering av desse samhengane i arbeidet, vil vera til hjelp for rolleforståinga for den enkelte tilsette i oppvekst.

Skildring av tiltak	Ansvar	Ferdigstilling	Kommentarar/ oppdateringar
1. Stord kommune har motteke midlar til å arbeida med eit tenesteforløp for barn med autisme dette arbeidet. Det er grunn til å tru at dette vil og identifisera fleire utfordringar både i det interne samarbeidet og det eksterne samarbeidet med samarbeidspartnarar som me kan gjera oss nytte av på generelt nivå.	Einingsleiar førebyggjande tenester	Oppstart hausten 2022, ferdig haust 2023	Det er sett i gong eit arbeid med omorganisering av tenestetilbodet for barn med habiliteringsbehov, behov for fritidskontakt. Arbeidet skal vera ferdig 01.01.25
2. Arbeida vidare med å gjera samanhengen mellom sentrale føringar, kommunale planar og rutinar meir tilgjengeleg for alle tilsette gjennom ei nettbasert løysing knytt til same plattform som den digitale handlingsretteleiar til BTI ligg på.	Einingsleiar førebyggjande tenester	Oppstart hausten 2022, plan for ferdigstilling haust 2023	Delvis ferdig. Nye føringar kjem fortløpande frå departementa, desse må inn i modellen og gjerast kjent.
3. Arbeida fram rutinar knytt til samhandling og informasjonsutvekslinga både i dei	HMT-leiar	Oppstart hausten 2022,	Grunna bytte av HMT-leiar er det

enkelte rutinane og i årshjula som er laga i Compilo		plan for ferdigstilling haust 2023	ikkje ferdig. revidert plan for ferdigstilling haust 2024
4. Stord kommune tek ei gjennomgang av organiseringa for dei ulike sektorane, einingane og avdelingane som arbeider med barn, unge og deira familiar for å sjå om det er tenleg organisering pr i dag for tenestemottakarane og samarbeidet til tenesteytarane.	Strategisk leiing v/ kommunalsjef OKU og RHO	Oppstart hausten 2022, plan for ferdigstilling haust 2023	Gjennomgang utført og ein har starta arbeid med omorganisering av tenestetilbod. Revidert plan for ferdigstilling 01.01.2025

7. Etablerer rutinar for å melde avvik knytt til samhandlinga mellom tenestene i det førebyggjande arbeidet retta mot barn og unge, og rutinar for å følgje opp slike avvik

Avvikssystemet i Stord kommune er tilrettelagt for å melda avvik på samhandlinga som skal skje i det førebyggjande arbeidet retta mot barn og unge. Det er grunn til å tru at det å ikkje melda avvik handlar om haldningar og forståing av korleis ein arbeider med avvik.

Avvik skal vera eit varsel om at ein har eit forbettringspotensial. Og sikra denne forståinga gjennom ei samforståing og ei haldningsendring til å melda avvik vert viktig i arbeidet frametter. Oppvekstsektoren har ikkje kultur for å melda denne type avvik, og ein ser at det er andre einingar i Stord kommune som har arbeidd systematisk med denne type arbeid med gode resultat. Me ynskjer å sjå på det arbeidet som er gjort for å få felles forståing for avviksarbeidet og det å melda avvik på samhandlinga.

Skildring av tiltak	Ansvar	Ferdigstilling	
Arbeida fram samforståing og rutine for å melda avvik på samhandling	HMT-leiar	Plan for ferdigstilling Juni 2023	Ikkje ferdig – revidert plan haust 2024



Saksframlegg

Saksnr: 2023/471-21
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	22/24	15.05.2024

Kurs i regi av Deloitte hausthalvår 2024

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte gjennomføre kurs med tema:
2. Tidspunkt for gjennomføring av kurs:
3. Sekretariatet vert beden om å ta seg av det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kurs, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen.

Samandrag

Denne saka vert lagt fram for kontrollutvalet på bakgrunn av at Stord kommune har avtale med Deloitte AS om å levera 1 kursdag pr. år inkludert i fastprisen.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Kurstilbod 2024.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Stord kommune har avtale med Deloitte AS som revisor med verknad frå 01.07.2021. I kontrakten som er inngått går dette fram av vedlegg A kravspesifikasjon punkt 3.3 opplæring:

«REVISOR skal leggje fram forslag om, og halde kurs for kontrollutvalet sine medlemmar eller for medarbeidarar i administrasjonen. Tema skal avtalast ved det einskilde høve. Omfang skal reknast til 1 kursdagar per år.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å vedta gjennomføring av naudsynte kurs innan vedteke budsjetttramme, jf. kommunelova § 23-2 og forskrift om kontrollutval og revisjon § 2.

Vurderingar og verknader

Det blir no lagt fram sak om kva kurs kontrollutvalet skal velja hausten 2024. Deloitte sitt forslag til kurs som kan vera aktuelle å halde for kontrollutvalet og/eller administrasjonen i Stord kommune ligg ved saka.

Hittil i denne valperioden har Deloitte gjennomført desse kursa i Stord kommune:

1. Rollar, ansvar og oppgåver for kontrollarbeidet (06.12.23)
2. Kommunerekneskap inkludert investeringsrekneskap (15.04.24)

Kontrollutvalet gjennomførte slike kurs i førre valperiode:

1. Kommuneøkonomi (04.03.21)
2. Habilitet (19.05.21)
3. Leverandørrevisjon (26.04.22)
4. Innkjøp (23.05.22)
5. Arkivering, journalføring og offentlegheit (01.12.22)
6. Prosjektstyring, oppfølging og «fallgruver» (20.04.23)

I dette møtet bør kontrollutvalet drøfte seg fram til kva kurs ein ønsker å få gjennomført hausten 2024. Det er elles ikkje noko til hinder for at tema nytta i førre valperiode og kan gjennomførast i denne valperioden. Det kan gjerne og drøftast om aktuelle kurs er tenkt for kontrollutvalet sine medlemmar eller for varamedlemmar, kommuneadministrasjon mv.


Det normale til no har vore at slike kurs har hatt ein varigheit på 2 timar og at dei har blitt halde i samband med eit kontrollutvalsmøte.

Vedlagt oversikt over kurs er den siste versjonen som sekretariatet har motteke frå Deloitte. Selskapet kan og levara andre kurstema etter ønskje frå kontrollutvalet

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet diskuterer kva kurs dei vil at Deloitte skal gjennomføre hausten 2024.

Videre bør utvalet be sekretariatet ta seg av det praktiske med organisering og avvikling av kurs, gjerne i samarbeid med administrasjonen i Stord kommune.



Kurstilbud frå Deloitte

	Tema	Stikkord
1	Innføring i rekneskap	<ul style="list-style-type: none"> – Grunnleggande innføring
2	Offentlege anskaffingar	<ul style="list-style-type: none"> – Kva er hovudprinsippa i regelverket?
3	Meirverdiavgift og meirverdiavgiftskompensasjon	<ul style="list-style-type: none"> – Innføring i kompensasjonsordninga – Praktiske eksempel
4	Justeringsplikt og -rett	<ul style="list-style-type: none"> – MVA. ved (fylkes-)kommunens overtaking av bygg og anlegg
5	Habilitet	<ul style="list-style-type: none"> – Kurset gjev ei innføring i regelverk knytt til habilitet, korleis habilitetsvurderingar kan gjerast og korleis det kan etablerast gode rutinar for å sikre at tilsette og folkevalde ikkje handsamar saker der dei er inhabile
6	GDPR og informasjonssikkerheit	<ul style="list-style-type: none"> – Grunnleggande prinsipp og krav
7	Arkivering, journalføring og offentlegheit	<ul style="list-style-type: none"> – Innføring i ulike lovkrav (arkiv- og journalplikt, innsynsrett) – Typiske utfordringar
8	Utvalgte tema knytt til forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll	<ul style="list-style-type: none"> – Kva er forvaltningsrevisjon og/eller eigarskapskontroll? – Korleis gjere ei god bestilling? – Korleis følge opp gjennomført revisjon?
9	Roller, rolleforståing og ansvar i kontrollarbeidet	<ul style="list-style-type: none"> – Kva er kontrollutvalets rolle og ansvar i kontrollarbeidet? – Kva er kommunestyrets rolle og ansvar i kontrollarbeidet? – Kva er administrasjonens rolle og ansvar i kontrollarbeidet?
10	Roller og rolleforståing i eigarskapsforvaltning	<ul style="list-style-type: none"> – Innføring i ulike selskapsformer – Roller og rolleforståing – Kva roller har eigarrepresentantar, valde styremedlemmer, osv.

	Tema	Stikkord
11	Avstemming av rekneskapen	<ul style="list-style-type: none"> - Kva bør ei avstemming innehalde? - Kor ofte bør avstemmingar utarbeidast? - Kva avstemmingar skal utarbeidast? - Kva regelverk gjeld på området?
12	Økonomisk internkontroll	<ul style="list-style-type: none"> - Fullmakter - Kontroller
13	Organisatorisk internkontroll	<ul style="list-style-type: none"> - Kva er internkontroll? - Korleis oppnå tilfredsstillande internkontroll?
14	Innberetning av løn	<ul style="list-style-type: none"> - Kva ytingar er avgiftspliktige og kva er oppgåvepliktige?
15	Investeringsrekneskap	<ul style="list-style-type: none"> - Krav til investeringsrekneskap - Skille mellom driftsrekneskap og investeringsrekneskap - Kva skal bokførast i driftsrekneskapen? - Kva kriterium skal vere oppfylt for bokføring i investeringsrekneskapet?
16	Andre rekneskapsmessige problemstillingar	<ul style="list-style-type: none"> - Tilpassast etterspurnad og behov
17	Leverandørrevisjonar - kva er kontrollutvalet si oppgåve og korleis skil desse seg frå andre revisjonar?	<ul style="list-style-type: none"> - Sjå i samband med nye innsynsmoglegheiter i kommunelova
18	Kommunelova (utvalde deler) og tilhøyrande forskrifter	<ul style="list-style-type: none"> - Her kan vi sjå nærare på utvalde delar
19	Prosjektstyring	<ul style="list-style-type: none"> - Suksessfaktorer - Fallgruver
20	Medlem i kontrollutvalet	<ul style="list-style-type: none"> - Kva for rolle og ansvar har ein som medlem i kontrollutvalet?
21	Klimarisiko og klimabudsjett	<ul style="list-style-type: none"> - Kva er viktig å tenke på når det gjeld klimarisiko? - Kva bør eit klimabudsjett innehalde?



Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited (“DTTL”), its global network of member firms, and their related entities (collectively, the “Deloitte organization”). DTTL (also referred to as “Deloitte Global”) and each of its member firms and related entities are legally separate and independent entities, which cannot obligate or bind each other in respect of third parties. DTTL and each DTTL member firm and related entity is liable only for its own acts and omissions, and not those of each other. DTTL does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no to learn more.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our global network of member firms and related entities in more than 150 countries and territories (collectively, the “Deloitte organization”) serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte’s approximately 312,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

This communication contains general information only, and none of Deloitte Touche Tohmatsu Limited (“DTTL”), its global network of member firms or their related entities (collectively, the “Deloitte organization”) is, by means of this communication, rendering professional advice or services. Before making any decision or taking any action that may affect your finances or your business, you should consult a qualified professional adviser.

No representations, warranties or undertakings (express or implied) are given as to the accuracy or completeness of the information in this communication, and none of DTTL, its member firms, related entities, employees or agents shall be liable or responsible for any loss or damage whatsoever arising directly or indirectly in connection with any person relying on this communication. DTTL and each of its member firms, and their related entities, are legally separate and independent entities.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/472-5
Saksbehandlar:Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	23/24	15.05.2024

Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Samandrag

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert i all hovudsak sett på kontrollutvalet si saksliste til kvart møte. Møteprotokollane kan og lastast ned frå Stord kommune si heimeside, under «Politikk -> møteinnkallingar og møteprotokollar».

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet har gjort vedtak i sak PS 45/23 av 06.12.2023 om at særskilt ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Fredrik Litleskare
Formannskapet	Tarjei Aamot Haga
Utval for rehabilitering, helse og omsorg	Randi Høgås Nesse
Utval for oppvekst og kultur	Inga Margrethe Fagerbakke
Utval for byutvikling	Nils Magne Blålid

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk behandling. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfta ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse. Dette er ein av fleire måtar å gjera seg kjent med det politiske arbeidet i kommunen, og kunna fanga opp saker som no eller på eit seinare tidspunkt kan vera eit aktuelt saksfelt for kontrollutvalet.

Til dette møtet vil det vera aktuelt med gjennomgang av desse møteinnkallingane / protokollane:

Politisk organ:	Møtedatoar i 2024
Kommunestyret	25.04
Formannskapet	17.04
Utval for rehabilitering, helse og omsorg	
Utval for oppvekst og kultur	(14.05) Dagen før kontr.utv.
Utval for byutvikling	(16.05) Dagen etter kontr.utv.

(Dato/ar i parentes gjeld møter der protokoll ikkje låg føre då saksframlegget vart fullført)

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko særskilt under gjennomgangen, vert det tilrådd å ta møteprotokollane til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/468-4
Saksbehandlar:Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	24/24	15.05.2024

Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Det vert lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet sin moglegheit til sjølv å ta opp saker som ikkje er på saklista.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Denne saka er å sjå på som ei formalisering av kommunelova § 11-2 siste avsnitt som seier: «Alle medlemmer kan stille spørsmål til lederen, også om saker som ikke står på sakslisten».

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsama sak om eventuelt, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

Vurderingar og verknader

Dersom det blir teke opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Konklusjon

Føremålet er å gje opning for å få nærare undersøking av saker som kontrollutvalet ønskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt til eit seinare møte i utvalet. Dessutan eventuelt å få orientering frå kommunedirektøren eller andre i eit seinare møte.

Kontrollutvalet - årsmelding 2023

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2023 for kontrollutvalet i Stord kommune.

Røysting:

Framlegget frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2023 for kontrollutvalet i Stord kommune.

Dokumentliste

I	27.04.2022	VESTLAND FYLKESKOMMUNE	Innstilling - Årsmelding 2021 for Stord kontrollutval
S	25.05.2022		Kontrollutvalet - årsmelding 2021
I	25.05.2022	VESTLAND FYLKESKOMMUNE	Saker frå kontrollutvalet til Stord kommunestyre pr. mai/juni 2022 – oppsummering
X	24.06.2022		Saksprotokoll Kontrollutvalet - årsmelding 2021
S	25.04.2023		Kontrollutvalet - årsmelding 2022
I	25.04.2023	Sekretariat for kontrollutvalet	Innstilling - Årsmelding 2022 for Stord kontrollutval
X	16.05.2023		Saksprotokoll frå kommunestyret 11.05.23 - Kontrollutvalet - årsmelding 2022
I	13.03.2024	Hogne Haktorson	Innstilling - Årsmelding 2023 for Stord kontrollutval
S	14.03.2024		Kontrollutvalet - årsmelding 2023

Vedlegg

- 1 Innstilling - Årsmelding 2023 for Stord kontrollutval.PDF
- 2 Saksframlegg med vedtak.PDF
- 3 Årsmelding 2023 for Stord kontrollutval(2).PDF

Bakgrunn for saka

Sekretariatet har utarbeidd forslag til årsmelding for kontrollutvalet i Stord kommune for 2023. Årsmeldinga skal gje oversikt over kva kontrollutvalet har arbeidd med i året som gjekk.

Vedtakskompetanse

Det er kommunestyret som har vedtakskompetanse i saker som vert rapportert frå kontrollutvalet jf. kommunelova § 23-5 der det står dette:

«Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget»

Vurderingar og verknader

Føremålet med årsmeldinga skal vera å rapportere resultatene av kontrollutvalet sitt arbeid til kommunestyret, som er kontrollutvalet sin oppdragsgjevar. Årsmeldinga peikar både på behandling av saker som er slutført frå kontrollutvalet si side og på kva som må følgjast opp vidare framover.

Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den pålagde rapporteringa frå utvalet til kommunestyret. Sekretariatet meiner difor at det vil vera naturleg at kommunestyret godkjenner årsmeldinga i eiga politisk sak, slik det og har vore gjort i ei årrekke.

Konklusjon

Det blir på bakgrunn av dette tilrådd at utvalet legg fram årsmelding for kontrollutvalet for 2023 til godkjenning i kommunestyret.



Stord kommune,
Postboks 304,
5402 STORD

Saksbehandlar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

Stord kommune - budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027

Stord kommunestyre har i møtet 30.11.2023 handsama og vedteke budsjett 2024 og økonomiplan for 2024-2027. Vi har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbake-melding om korleis vi vurderer økonomien til kommunen og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Oppsummering

Kommunen må gjennomføre tiltak for å oppnå vesentlege betre netto driftsresultat enn i opphavleg vedteke budsjett for i år. Disposisjonsfondet kan bli for lite om ikkje kommunen oppnår betre netto driftsresultat enn budsjettet.

Kommunen si lånegjeld er på eit svært høgt nivå. Kommunen må vurdere planlagde investeringar nærare og vere varsam med nye lånefinansierte investeringar. Eit høgare rentenivå og høg lånegjeld har bidrege til svært stor auke i kommunen sine renteutgifter.

Kommunen kan kome i ein alvorleg økonomisk situasjon dersom ikkje gjeldsveksten er moderat framover.

Budsjett 2024

I førebels rekneskap for 2023 er det eit netto driftsunderskot med - kr 10,9 mill. Det utgjer - 0,5 prosent av driftsinntektene i 2023. Netto driftsunderskot blir dekt inn med bruk av disposisjonsfond. Netto driftsunderskot har bl.a. samanheng med sjukefråvær og ekstrakostnader for å erstatta mangel på fagpersonell.

I budsjettet for 2024 er det eit netto driftsunderskot med om lag - kr 56,6 mill., eller - 2,9 prosent av driftsinntektene. Det er i stor grad planlagt dekt inn med bruk av disposisjonsfond. Svært stor auke i kommunen sine renteutgifter er ei viktig årsak til det store netto driftsunderskotet i budsjettet.



Kommunen har budsjettert med kr 733.055.000,- i skatt på formue og inntekt for 2024. Ordinær skatt og rammetilskot er budsjettert med til saman kr 1351,1 mill.

Det er budsjettert med kr 51,2 mill. i eigedomsskatt for 2024. Innkomen eigedomsskatt i 2023 var om lag kr 51,7 mill. Det blir gjennomført retaksering no i år.

Kommunestyret har gjort vedtak om å betale lånegjelda med minimumsavdrag, basert på §14-18 i kommunelova. Det er budsjettert med kr 98,5 mill. i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån). Dette oppfyller minimumskravet i kommunelova.

I 2024 er det budsjettert med brutto investeringar for til saman kr 292,7 mill. Av investeringane er kr 150 mill. i VA-sektoren og kr 142,7 mill. i andre investeringar. Investeringane er i hovudsak planlagt finansierte med bruk av lån, kr 268,2 mill. Dessutan blir dei finansierte med kompensasjon for meirverdiavgift.

I tillegg kjem startlån til vidare utlån med kr 90 mill.

Kommunen si brutto langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2023 var om lag kr 3,3 mrd., medrekna kr 417 mill. i startlån til vidare utlån. Brutto lånegjeld utgjer 165,9 prosent av sum driftsinntekter i 2023. Lånegjelda var til same tid om lag kr 170 860,- per innbyggjar.

Økonomiplan 2024 - 2027

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

Det er budsjettert med eit betydeleg netto driftsunderskot i år, - 2,9 prosent av driftsinntektene. For dei neste åra i økonomiplanperioden er det lagt opp til netto driftsoverskot som er noko større enn målalet på 1,75 prosent av driftsinntektene.

Kommunen sitt disposisjonsfond var kr 108,7 mill. ved utgangen av 2023. Det utgjer 5 ½ prosent av driftsinntektene i 2023. Disposisjonsfondet er redusert frå kr 130 mill. ved utgangen av 2022. Det er budsjettert med kr 45,4 mill. i ytterlegare bruk av disposisjonsfondet for i år. For dei neste åra i økonomiplanen er det lagt opp til netto avsetjing til disposisjonsfondet.

Det er budsjettert med eit moderat investeringsnivå i år. Om lag halvdelen av investeringane i år er avgiftsfinansierte innan VA-sektoren. For dei neste åra i økonomiplanen er det lagt opp til svært høge investeringar, for ein stor del i VA-sektoren. Dessutan er det planlagt investering i ny sjukeheim. Det høge investeringsnivået i dei komande åra vil føre til ein stor auke i lånegjelda, men ein del av auken vil for kommunen vere avgiftsfinansiert.

Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal med handlingsreglar for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid.



Kommunen har vedteke følgjande finansielle måltal:

1. Netto driftsresultat på 1,75 prosent av driftsinntektene i løpet av økonomiplanperioden.
2. Disposisjonsfond på 5 - 10 prosent av driftsinntektene.
3. Gjeldsauke i prosent skal ikkje vere større enn inntektsutviklinga.

Statsforvaltaren sine vurderingar

Budsjettet for i år er vedteke med betydeleg netto driftsunderskot og mykje bruk av disposisjonsfond. Ein stor del av disposisjonsfondet er budsjettert brukt i år. Disposisjonsfondet ved utgangen av 2024 kan difor bli mindre enn det bør vere.

Kommunen må gjennomføre tiltak for å oppnå vesentlege betre netto driftsresultat enn i opphavleg vedteke budsjett for i år. Disposisjonsfondet kan bli for lite om ikkje kommunen oppnår betre netto driftsresultat enn budsjettert. Fondet bør vere på det nivået kommunen har som målsetjing, det vil seie 5 - 10 prosent av driftsinntektene. Det utgjer frå kr 100 mill. til kr 200 mill., basert på noverande inntektsnivå.

Kommunen si lånegjeld er på eit svært høgt nivå. Kommunen må vurdere planlagde investeringar nærare og vere varsam med nye lånefinansierte investeringar. Det er nødvendig å hindre at lånegjelda blir for høg. Dette er først og fremst viktig for den delen av lånegjelda som ikkje er avgiftsfinansiert. Eit høgare rentenivå og høg lånegjeld har bidrege til svært stor auke i kommunen sine renteutgifter.

Kommunen kan kome i ein alvorleg økonomisk situasjon dersom ikkje gjeldsveksten er moderat framover. Kommunen må unngå å kome i ein situasjon utan økonomisk handlefridom som følgje av for høg lånegjeld.

Med helsing

Liv Signe Navarsete

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Frå: Forum for Kontroll og Tilsyn[fkt@fkt.no]
Sendt: 10.04.2024 10:01:05
Til: Einar Kåre Ulla[Einar.Kare.Ulla@vlfk.no]
Tittel: VS: Nytt fra FKT april 2024

Fra: Forum for Kontroll og Tilsyn
Sendt: tirsdag 9. april 2024 10:25
Til: Forum for Kontroll og Tilsyn <fkt@fkt.no>
Emne: Nytt fra FKT april 2024



Ny veileder

Forum for kontroll og tilsyn (FKT) og NKRF – kontroll og revisjon i kommunene (NKRF) har samarbeidet om å utarbeide en veileder for risiko- og vesentlighetsvurdering, plan for forvaltningsrevisjon og plan eierskapskontroll.



Veiviser for å hindre data-angrep og digitale hendelser

KS har en pågående kampanje om informasjonssikkerhet og personvern for ansatte i kommuner og fylkeskommuner. Målet med prosjektet er å utløse en «refleks» hos ansatte som gjør at sikkerhet er noe som faller helt naturlig i den digitaliserte hverdagen.

Kampanjen består av ti temaer



Høyeste antall klager til Sivilombudet noen gang

Det fremgår av årsmeldingen at hele 30 % av alle klagene til Sivilombudet dreier seg om mangel på svar fra forvaltningen eller at det tar for lang tid å få en avgjørelse. Antallet slike klager har økt de siste årene. Det har også vært en økning i klager som gjelder utlendingssaker, offentlighet og innsyn.

Årsmeldingen



Anskaffelser topp tre blant kommunale risiko-områder

To undersøkelser i regi av foreningen NKRF – kontroll og revisjon i kommunene forteller om stor oppmerksomhet om anskaffelser i kommunale kontrollutvalg og blant de enhetene som står for revisjon i kommune-Norge.

Undersøkelsene



Register for statssekretærer og politiske rådgjevarar sine verv og økonomiske interesser

– Openheit om verv og økonomiske interesser er ein heilt sentral verdi i eit demokratisk samfunn. Med dette registeret følgjer vi opp tilrådinga frå Europarådets antikorrupsjonsorgan og legg betre til rette for at innbyggjarane kan ha tillit til politikarane, seier kommunal- og distriktsminister Erling Sande.

Registeret



De viktige planutvalgene

Landets planutvalg har en avgjørende rolle i å forvalte kommunenes planer i møte med private reguleringsplaner. For å støtte opp om dette viktige arbeidet har Våre steder, på vegne av KS, utarbeidet fire filmer som grunnlag for refleksjon i planutvalgene.

[Filmene](#)

Hold deg faglig oppdatert med FKT



Husk å melde deg på FKTs fagkonferanse 4. - 5. juni.

[**Påmelding**](#)



Copyright © 2024 Forum for kontroll og tilsyn, All rights reserved.

Du mottar e-post fra Forum for kontroll og tilsyn fordi du har meldt deg på vårt nyhetsbrev.

Vår epostadresse:

Forum for kontroll og tilsyn
Kristian Augusts Gate 14
Oslo, Oslo 0164
Norway

[Add us to your address book](#)

Vil du endre hvordan du mottar nyhetsbrev fra oss?
Du kan [oppdatere dine innstillinger](#) eller [melde deg av vårt nyhetsbrev](#)





Saksframlegg

Saksnr: 2023/514-6
Saksbehandlar:Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	25/24	15.05.2024

Ekstern revisor ny konkurranse - fullmakt til kontrollutvalet

Forslag til innstilling

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføre ny konkurranse i høve val av revisor for Stord kommune. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2025. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

- Utarbeiding og godkjenning av tilbodsokument
- Knytte til seg naudsynt hjelp.
- Vurdera mottekne tilbod og innstillta overfor kommunestyret på val av revisor.

Samandrag

Det er kommunestyret sjølv som vel revisor for kommunen. Vedtaket vert gjort etter innstilling frå kontrollutvalet, som gjennomfører prosessen fram til val av revisor.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Stord kommune nyttar konkurranseutsetting av revisjonstenestene. Noverande avtaleperiode for revisjonstenester for kommunen gjeld til og med revisjon av rekneskapen for 2024, det vil seie til og med 30.6.2025. Frå 1.7.2025 må revisor for ny avtaleperiode vere på plass. Det er dermed på tide med oppstart av prosess med ny konkurranse i høve kjøp av revisjonstenester. Det vert tilrådd at kommunestyret gjev kontrollutvalet nokre fullmakter gjeldande denne konkurransen.

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har vedtakskompetanse til å gjennomføre prosess med konkurranseutsetting av revisjonstenestene og lage innstilling til kommunestyret på val av revisor, medan det er kommunestyret sjølv som gjer vedtak, jf. kommunelova § 24-1.

Vurderingar og verknader

Kommunelova § 24-1 omhandlar val av revisor. Det står mellom anna dette:

«Kommunestyret og fylkestinget velger selv revisor. Vedtaket treffes etter innstilling fra kontrollutvalget.»

Når lova nyttar formuleringa «kommunestyret selv», inneber det at avgjerda ikkje kan delegerast.

Kontrollutvalet er av lovgjevar tildelt ein sentral plass i denne prosessen i og med at kommunestyret skal gjere vedtak etter innstilling frå utvalet. Det er sekretariatet til kontrollutvalet som førebur saka for kontrollutvalet jamfør forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 7:

«Sekretariatet skal forberede sakene for kontrollutvalget og påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet. Sekretariatet skal også påse at kontrollutvalgets vedtak blir iverksatt.»

Ny kontraksperiode skal starte frå 1.7.2025. For at ein skal rekke å kome gjennom alle stega i innkjøpsprosessen innan den tid må arbeidet starte opp relativt raskt, og det er heilt avgjerande for gjennomføringa at kontrollutvalet får tildelt fullmakter for å gjennomføre prosessen.

Konklusjon

Det vert tilrådd å gje fullmakt til kontrollutvalet til å gjennomføre prosessen med konkurranseutsetting av revisjonstenestene for Stord kommune, men at det er kommunestyret som til slutt gjer vedtak om val av revisor.